

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Tidsskrift for Estlands-interesserte. Utgitt av Norsk-estisk kulturlag (Norra-estli kultuurühing), adr. på baksida. Opplag 1.200. Årsabonnement kr 100. Redaktør: Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland. Tlf. (095-358-0-) 477 1 488. Grafisk utforming: Trond Trosterud. Redaksjonen avslutta 32.9.92. Frist for stoff til følgende nummer 10.1.93. I samarbeid med Estlandsforeninga i Rogaland og Baltikumkomitéen i Trondheim går bladet også til medlemmene deira.



ESTISKE UNGDOMMAR PÅ NORSKE FOLKEHØGSKULAR

Skuleåret 1992-93 har 36 estiske ungdommar fått friplass på norske folkehøgskular. Ei varm takk til skulane for velviljen dei viser i denne saka! Mange har arbeidd for å kunna gi dette tilbodet til estisk ungdom. Hjelp har kome frå statlege, kommunale og fylkeskommunale instansar, frå organisasjonar og

foreiningar. Utrekna i pengar og lagt saman er det meir enn ein million norske kroner som på denne måten blir gitt til oppbygginga av Estland. Norsk-estisk kulturlag i samarbeid med Estisk institutt i Tallinn har hatt dette som eitt av dei store prosjekta. (Meir på sidene 2-5.)

STRANDHOGG I LOHUSALU

av Arnhild Mindrebø som 6.-19.7.1992 ledet Norsk-estisk kulturlags språk- og estisk ungdom opptatt på norske folkehøgskoler vinteren 1992-93.

Har tante Sofie gått på folkehøgskole? Liker hun Olav Tryggvason?

Nei, dette er ikke replikker fra en eller annen absurd teaterforestilling, men to av spørsmålene som litt spøkefullt ble stilt til elevene på norsk kurset i Estland i sommer. I all sin absurditet summerer de faktisk ganske brukbart opp hovedelementene i kurset:

1) en elementær innføring i aktiv bruk av norsk dagligspråk, for å ha et startgrunnlag for folkehøgskoleåret i Norge,
2) mest mulig lytte- og leseforståelse ut over dette, for å skjønne enkel norsk tale og skrift. Til dette formålet ble det brukt norsk barnelitteratur, spesielt Thorbjørn Egner (derav tante Sofie).

3) kjennskap til ulike sider ved norsk kultur. Denne delen ble ikke nødvendigvis formidlet på forståelig norsk. Hver morgen leste vi f.eks. et dikt eller hørte en sang der hovedinnholdet ble oversatt til estisk. I presentasjonen av vikingene var Olav Tryggvason gjennomgangsfiguren, på grunn av sitt mangeårige opphold i Estland i barndommen.

Selvsagt er det begrenset hva en rekker på to uker. De fleste elevene var nybegynnere, noen få hadde lest norsk i opptil et år. Hvor mange det var av hvert, visste ikke lærerne før kurset begynte, heller ikke hvor mange som hadde engelsk som beste fremmedspråk. Det vi visste, var at vi høyst sannsynlig ville få både flinke, interesserte og motiverte elever.



Elevene skrev sin egen lærebok.

Fordi målgruppen tross alt var såpass homogen, og vi skulle komme gjennom mest mulig på den korte tiden, bestemte vi oss for å utarbeide eget læremateriale. Det fantes riktignok lærebøker i norsk for utlendinger som det var mulig å få tak i, men disse ville ikke elevene få beholde etter endt kurs, og de ville da ikke ha noe å arbeide videre med i tida fram til de skulle reise til Norge. Derfor baserte vi oss på at elevene skulle ta fyldige notater fra tavle og overhead, slik at de faktisk skrev sin egen lærebok. Da hadde de muligheten til senere å repetere selv det de hadde fått temmelig raskt gjennomgått på kurset. De første tre dagene brukte vi læremateriale som Christoffer Kahrs hadde utarbeidet spesielt for denne målgruppen, og det fungerte utmerket.

Ett problem estiske elever får når de kommer til en folkehøgskole, er at opplegget er mye friere enn de er vant til og at svært mye er overlatt til elevenes eget initiativ. Vi prøvde å gjøre denne overgangen litt mykere ved at vi ikke opptrådte "overvåkende" m.h.t. innlæringen, samtidig som vi ved hjelp av rask progresjon og arbeidsoppgaver viste at vi krevde ganske mye av dem. Dessuten valgte vi en mangfoldig og humoristisk tilnæringsmåte til stoffet.

Flåklypa Grand Prix.

Hver kveld hadde vi "åpent hus" i det ene undervisningsrommet, med kaffe- og tesserering og lesestoff og spill av forskjellig slag. Noen av kveldene hadde vi også program ut over dette. Allerede den andre kvelden på kurset hadde vi tegnestafett på norsk, et par dager senere var det sporlek - også på norsk. Etter hvert ble elevene i stand til å spille norske spill og se videoer på norsk. Flåklypa Grand Prix falt i svært god jord!

Den siste kvelden på kurset hadde vi avslutningsfest med besøk fra den norske ambassaden i Tallinn, og fra Estisk Institutt som hadde arrangert kurset fra estisk side.

Vi var tre norske lærere gjennom hele kurset, Randi Steen Hilmersen og Arnhild Mindrebø underviste begge ukene, den tredje plassen var delt mellom Hildegunn Wergeland og Berit Helene Dahl som underviste en uke hver. Christoffer Kahrs hadde, i tillegg til å utarbeide en del undervisningsmateriale for begynnerne, laget utkast til en plan for hele kurset, som var oss til svært god hjelp, og han gjorde dessuten en del av det praktiske forarbeidet til kurset.

Som hjelper og oversetter hadde vi Karel Zova fra Tallinn, som gikk på det tilsvarende kurset i fjor og som om vinteren hadde vært elev ved Fana folkehøgskole. Det betydde mye for oss å ha med noen som kunne oversette der det var nødvendig, og det var også fint å ha med en med folkehøgskoleerfaring som dessuten var nær elevene i alder.

Fridag i Tallinn.

Lærerne var på den annen side ganske glade for å ha en norsk barndom fra femtiåra som ballast for sitt eget vedkommende. Forskjellen i materiell standard er åpenbar, men en besøkende som blir tatt godt vare på og plassert på steder der en både bor og spiser bra, merker det ikke stort på kroppen.

(To dager etter at vi hadde dradd fra Lohusalu, kom en estisk og en russisk regjeringsdelegasjon dit for forhandlinger!) Litt annerledes ble det når vi bega oss ut på egen hånd, f.eks. tok bussen til Tallinn på den friettermiddagen hver av oss fikk i løpet av kurset. Til byen gikk det greit, for da var vår holddeplass en av de første, men hjemover igjen var det best å stille i køen en time på forhånd, i hvert fall hvis en ville ha noe håp om å få sitteplass.

Å ringe til utlandet fra Lohusalu minte også om norsk rikstelefon i gamle dager, temmelig omstendelig og litt irriterende i begynnelsen fordi en ikke kunne få forbindelse når en selv ville, men etter hvert som en vente seg til systemet, gikk det svært greit. I det hele tatt opplevde vi at vi fant oss stadig bedre til rette, til gjengjeld ble det nærmest et sjokk å komme hjem igjen!

Slitne var vi nok da kurset var slutt, men mer fordi vi ikke hadde hatt tid til å hvile ut etter skoleinnsjutt og artiumssensur før vi dro. Furuskogen og stranda på Lohusalu var vakker og fredelig, gamlebyen i Tallinn en stor opplevelse, og elevene - de kunne ingen lærer ønsket seg bedre. Vi håper at de alle sammen får det fint i år der de kommer, og ikke minst at der er folk i lokalsamfunnene som vil ta kontakt med dem og hjelpe dem med opphold i ferier og tilbud om småjobber - de fleste vil ha behov for begge deler.

Arnhild Mindrebø



AASTAKS NORRA RAHVAÜLIKOOLI ELU ÜLE JÄRELE MÖTLEMA

eller "Eit år på norsk folkehøgskule for å tenkja over livet," stod det over fire spalter i Öhutuileht 21.8. Dagen før hadde 27 ungdommar reist frå Tallinn med buss og ferje på veg til Noreg. Før avreise hadde avisa intervjuet Kaja Tael på Estisk institutt som fortalte kva ein folkehøgskule er for noko, og Kaia Vahtra som dreiv og pakka kofferten for eit år i Alta.

I Oslo vart bussen motteken av representantar for Norsk-estisk kulturlag; dei tok seg av innkvartering og transport vidare til skulane kringom i landet. Pille Moon, som sjølv gjekk på reiselivslina på Toten Folkehøgskole i fjor, var den store organisatoren. Somme av elevane reiste vidare same kvelden med tog til Bergen der Odd Magne Toft var koordinator.

Fire av ungdommane fekk ikkje norsk opphaldsløyve i tide til å bli med bussen. Dei har sidan kome fram til skulane sine, så slik er alt vel, men det betydde økonomisk ruin at dei ikkje fekk nytta dei billettane som alt var både kjøpte og dyrt betalte.

TILBAKEMELDING FRA FOLKEHØY- SKOLEELEVENE

Etter alt arbeidet som er nedlagt på folkehøgskuleprosjektet meinte Leiv Bjørn Amundsen det kunne vera interessant å få litt tilbakemelding frå elevane. Slik kunne me få vink om ting som kunne gjerast betre. På oppdrag frå Kulturlaget og i samarbeid med Turid Farbredd utarbeidde Amundsen eit spørjeskjema som i vår vart sendt til dei 30 elevane på 19 skular rundt om i landet. Det kom 11 svar, 1 svara anonymt og 1 svara på

estisk. Leiv Bjørn Amundsen har gjort ei samstilling av materialet, og derifrå saksar Kulturnytt nokre avsnitt:

Norskkurset positivt.

Halvparten av dem gir uttrykk for at informasjonen om folkehøgskolene ikke var god nok, særlig savnet elevene informasjon om den enkelte skole, linjer, fag, elevenes alder, forskjellen på kristne og frilyndte skoler.

Kulturlaget rådes til å fortsette med norskkurs, og slik at det bør bli bedre anledning til erfaringsoverføring fra tidligere elever til de nye. En elev antyder at man på språkkurset kunne dramatisere/illustrere et folkehøgskolemiljø. En elev påpeker at informasjon/tilbud om folkehøgskoleopphold også bør formidles til ungdom på landsbygda - ikke bare til de som holder til i de største byene.

Pengemangel et problem.

Ca. halvparten påpeker at pengemangel har virket negativt - både begrensende og stressende. Det kommer frem at noen av elevene har måttet husholdere meget nøye med "lommepengene" for å kunne dekke eks-trautgifter som later til å være en forutsetning for å gjennomføre selve skoleopplegget. Selv bøker/skolemateriell har noen følt at det har vært problemer med å finansiere.

Kontaktfamilie viktig.

Noen nevner at ordningen av feriene har vært for svevende, og en tettere oppfølging fra en interessert/ansvarlig part (Kulturlaget evt. kontaktfamilie) hadde vært ønskelig fra begynnelsen av oppholdet for å skape klarhet om økonomien m.m. Det later til at det store flertall av de som svarer, er overveiende fornøyde med dette skoleåret i Norge. Det gjelder også de som mener de har fått for dårlig informasjon på forhånd.

Et par av svarene fokuserer på at det nærmest er en tilfeldig skole man er havnet på (altså ikke omhyggelig utvalgt på grunnlag av detaljert informasjon), eller at det er et misforhold mellom elevenes forventninger og det skolemiljøet man blir henvist til. Til tross for dette konkluderer de med at dette skoleåret vil inngå som en viktig og positiv begivenhet i deres liv.

KOMMENTAR FRÅ KULTURLAGET:

Fenomenet folkehøgskule er ukjent i Estland, og ein kan informera svært mykje utan at ungdommane greier å fatta kva det eigenleg er tale om. Det beste er nok å la tidlegare elevvar formidla sine erfaringar. På kurset i Lohusalu i juli i år hadde dei norske lærarane heile tida ein estisk kursassistent som sjølv hadde gått eit år på norsk folkehøgskule. Men dei 84 skulane er svært ulike, så ein kan aldri seia noko allmenngyldig.

Det har vore lagt stor vekt på å få med estisk landsungdom, men det har kome få søknader frå andre stader enn Tallinn og Tartu. Estisk institutt i Tallinn er samarbeidspartnaren vår, dei spreier informasjon der det kan vera føremålstenleg.

Estarane tevlar om friplassar medan dei norske elevane betalar for plassane sine. Estarane må ha toppkarakterar for å bli opptekne; for somme må det bli eit sjokk etterpå å oppdaga at karakterar og faglege prestasjonar absolutt ikkje spelar noka rolle i skulemiljøet.

Pengeproblemet.

Kulturlaget ser det som nedverdiggande

for eit menneske å ha så fullstendig tomme lommer. Dessverre er økonomien vår dårlegare enn før, så støtta frå oss ser ut til å bli endå mindre i år enn i fjor. Me vonar at elevane kan få småjobbar rundt omkring og oppmodar elles medlemmer og andre om å senda tilskot - store eller små - til Norsk-estisk studiehjelp, postgirokontonummer 0824 0295629.

RINGVERKNADENE

av folkehøgskuleprosjektet er mange. M.a. er det aukande interesse for skuleturar til Estland. Dei skulane som har, eller som har hatt, ein elev derifrå, får ein framifrå guide. Olavsskolen på Bømlo skal til Estland og Latvia for tredje år på rad, fortel inspektøren, Eldbjørg Våge Krukhaug. Ei gruppe på om lag 65 personar dreg av garde 27. september. Dei hadde Nele Mariste som elev i fjor og har i år Maarja Meeru.

Ringerike Folkehøgskole planlegg tur til våren, fortel Per Otto Brørby. Der var Meelis Joost elev førre skuleåret, og han skal hjelpa til med eit opplegg for opphaldet i Estland.



Frå den norske språkleiren i Lohusalu

Elvi Lumet: KRISTIN-DAGENE I SEL

I begynnelsen av juli svedde igjen Sigrd Undsets ånd over Sel og Høvringen og kalte alle til å se på Kristin Lavransdatters rike. Kristin-dagene var arrangert av Sel kommune, men det var en begivenhet med betydning ut over Sels grenser. Utenom nordmenn fra nær og fjern hadde dansker, nederlendere og estere funnet veien til bygda. Bak arrangementet lå det en stor innsats fra bygdefolkets side. Lokalbefolkningen arbeidet til beste for hjemstedet og for egen fornøyles skyld med en iver og glød som var beundringsverdig.

Arrangementet ble åpnet med en utstilling av kunstneren og forfatteren Gösta af

Geijerstam, Sigrd Undsets nære venn. Ved å se på malerier og tegninger og bøker av Geijerstam, på hans og vennenes fotografier kunne en danne seg et inntrykk av vennskapet mellom disse to unge og vakre menneskene i begynnelsen av århundret. Den yngste datteren til Gösta af Geijerstam - Sunniva Hagenlund - var også til stede. Hun utgir neste år en bok om dette vennskapet.

Den intime og historiske musikkandakten i Nord-Sel kirke vil alltid bli husket, liksom vandringene i Kristins fotspor i Nord-Sel og på Høvringen, og et stort middelalderbryllup som ble vist på inntunet til den gamle gården Øygarden.

Det to dager lange seminaret på Høvringen levnet ingen tvil om at Sigrd Undset er like aktuell også i dag. Vi hørte på interessante foredrag om hennes forfatterskap analysert fra forskjellige utgangspunkter. Den etterfølgende diskusjonen gav hver seminar

deltaker anledning til å uttale seg, og dette benyttet mange seg av.

Arrangementet var vellykket fra start til slutt. Vi hadde et travelt program, men det var en opplevelse som betyr uendelig mye for meg som oversetter av Sigrd Undsets verker. I de siste ti år har jeg vært knyttet nettopp til hennes middelalderromaner *Kristin Lavransdatter* og *Olav Audunssøn i Hestviken*. Derfor vil jeg på det varmeste takke alle nordmenn som har satt pris på mitt arbeid og som inviterte meg til Norge. Det jeg opplevde i Gudbrandsdalen, glemmer jeg aldri, og det inspirerer meg til å fortsette arbeidet med ny iver.

Elvi Lumet

Per Bygnes: ELVI LUMET HEIDRA AV KULTUR-NOREG

Sommaren 1991 var eg så heldig å få treffa Elvi Lumet i heimen hennar i Tallinn og intervjuar henne om innsatsen med å omsetja norsk litteratur til estisk.

Ho måtte starta på berr bakke. Ved hjelp av Johan Bojer: *Den siste viking* i norsk og estisk utgåve og norsk-russisk ordbok lærde ho seg norsk. Då ho hadde kome inn i språket, sette ho om bøker av Anne Cath. Vestly, Gunnar Lunde, Johan Borgen og Thor Heyerdal. Dessutan redigerte ho og sette sjølv om ein god del av novellene i ein stor norsk antologi som gir eit fint lengdesnitt gjennom norsk novellekunst.

Så gav ho seg i kast med *Kristin Lavransdatter* - eit omsetjararbeid som tok all fritid i 6 år, ferdig i 1989. Våren 1992 la ho siste hand på *Olav Audunssøn i Hestviken*.

Ordet livsverk kunne kanskje vera dekkande. Eg fann det var mi plikt overfor mitt eige land å gjera sentrale styresmakter merksame på denne utrulege innsatsen. Skreiv til kulturministeren, la ved intervjuet, viste til Turid Farbrege for ev. fleire opplysningar.

Ballen rulla vidare. 31. mars tildelte

H.M. Kongen Elvi Lumet St. Olavsmedaljen.

Ei rett avgjerd - til eit menneske som attom eit jernteppe hadde nytta alle feriar og fridagar i 27 år for spreiding av norsk litteratur - og likevel kunne seia:

- For meg har dette ikke vært et arbeid, men en stor glede og nytelse - å få oversette norsk litteratur.

Per Bygnes

Maj-Britt Svastuen: ST. OLAVS-MEDALJEN TIL ELVI LUMET

Overrekkelsen av St. Olavsmedaljen til Elvi Lumet ble foretatt av fylkesmannen i Oppland, Knut Korsæth. Arrangementet foregikk ute ved Høvringsvatnet i Rondane nasjonalpark. Det var en vakker sommerkveld som skapte ekstra fin ramme rundt den høytidelige utdelingen, som også markerte avslutningen på Kristindagene 1992.

Blant de som deltok på "Kveldseto i Rondane", var Linn Stokke som leste fra Kristin Lavransdatter, Ulens kvintett, Otta Spelmannslag, Jon Faukstad og sønnen som spilte trekkspill, og Olav Juvshol som sang "Ved Rondane".

Vi som fikk møte Elvi og Tõnu Lumet, håper at det ikke blir altfor lenge til vi sees igjen. Gjennom dem har vi fått innblikk i hva kultur kan bety for mellommenneskelig forståelse på tvers av landegrenser. Elvi sa hun mente at hennes oppgave i livet var å gjøre Norge kjent i Estland. Det er vanskelig å beskrive med ord det inntrykket det gjør å møte en så interessant person som Elvi. Vi ønsker henne lykke til med sitt videre arbeid, og velkommen til Sel igjen en annen gang.

Maj-Britt Svastuen



Elvi og Tõnu Lumet i fjellheimen

Jostein Sæbøe:

ESTISK PÅ BJØRNSEN- FESTIVALEN

Den første Bjørnson-festivalen blei arrangert i Molde og Nesset i tida 5. til 12. juli i sommar. Dette er ein forfattarfestival der hovudvekta i programmet blir lagd på opplesingskvelder med forfattarane sjølve som opplesarar. Men årets festival hadde også ei rekkje lunsjforedrag med litterære emne, salmeprogram i domkyrkja, teaterframsynningar, barneprogram, utstilling fotografi/lyrikk, skriveverkstad, musikk/dikt-program og utflykt til Bjørnsons barndomsbygd Nesset.

Festivalen 1992 fekk ein nordisk profil med representantar frå alle dei nordiske landa pluss Estland. Frå Estland deltok lyrikaren Doris Kareva og litteraturhistorikaren Hilve Rebane.

Fascinerande diktmonolog.

Doris Kareva kom inn i bildet på svært kort varsel etter at Jaan Kross og Viivi Luik hadde meldt avbod i siste liten. På to dagars varsel kom ho til Molde og sette i gang ei hektisk omsettings- og innøvningsverksemd saman med Liv Hatle, den dyktige norske medhjelparen hennar.

Desse to laga eit utval Kareva-dikt som blei omsett og framført som ein monolog med varsomme sceniske verkemiddel. Liv Hatle framførte den første monologen, der mesteparten av stoffet var blitt omsett til norsk av henne sjølv der og då. Doris Kareva hadde så si eiga avdeling der tekstene blei forklarar i form av stikkord som publikum fekk utdelt.

Dette samarbeidet fekk svært god mottaking av eit publikum som sette stor pris på å få møte moderne estisk lyrikk gjennom dei fascinerande diktmonologane til Doris Kareva/Liv Hatle.

Bjørnson og Estland.

Litteraturforskarer Hilve Rebane tok i eit lunsjforedrag for seg forholdet mellom Bjørnstjerne Bjørnsons forfattarskap og estisk litteratur gjennom nesten 150 år. Dette er eit emne som tidlegare ikkje har vore hand-

sama i Noreg, og det var derfor imøtesett med stor interesse.

Hilve Rebane påviste at Bjørnsons verk heilt frå bondeforteljingane av, men særleg frå hundreårsskiftet og framover, har hatt ein klar påverknad på estisk litteratur. Mange estiske omsetjingar av nordmannens verk blei godt kjende, mange av skodespela blei oppførte på teaterscener i Estland. Bjørnson har utan tvil verka inspirerande på estiske diktarar, og i mange tilfelle kan ein snakke om at det finst ein bjørnsonsk "gjenklang" i estiske skjønnlitterære verk.

Hilve Rebane framførte foredraget sitt på norsk, og viste elles under opphaldet sitt i Molde sterk interesse for norsk samtidslitteratur, særleg opptatt er ho av Tarjei Vesaas' diktning. Både Doris Kareva og Hilve Rebane gav uttrykk for at naturopplevingane i Romsdal, og særleg på turen over Eikesdalsvatnet i "Bjørnsons fotspor", var uvanleg sterke og vakre. Begge representerte dei interessante og viktige innslag på denne aller første Bjørnson-festivalen.

Jostein Sæbøe

Kommentar frå redaktøren:

Hilve Rebane hadde fått hjelp av Tiiu Anderson med å setja om foredraget frå estisk, og Tiiu hadde på si side fått hjelp av Berit og Ivar Otto Iversen med den norske utforminga. Takk til alle saman for laginnsatsen!



Doris Kareva

Draum og dikt

Eit dikt er som ein draum – på same tid eit minne og eit fantasi-bilde; ei sanning og røynd som ikkje opnar seg langs livslinjer, men etter lagnadslinjer; ikkje vår tilmålte lott, men ein alltid eksisterande del av verda – universet som taler til oss.

Ein fjern om som pulserer i blodet; ei hymne, ei nynning, ein hjarterytme som einast det evig leikande barnet i oss høyrer. Det lyfter hovudet, lytter – når omen nærmar seg kan øyret skilje ut ord, så sig lyden igjen til togn, bortanfor svar og ansvar. Ein draum som gløymest før medvitet sender sin straffande pisk; skrift i sanden som blir stroken ut av det fornektande bølgespråket.

Liksom perla begynner også diktet med sandkornet; trykket av naudsyn er løynt i denne sjølvskapinga, der kan ei småsak omformast til noko vesentleg. Innhaldet i diktet er ein løyn-dom og forma er togn. Diktet er vove av togn lik eit florlett sjal som utan vanske glir gjennom ringen. Ei endeløyse av mønster, figurar og ornament forandrar ikkje det magiske vesenet; det er gåtefullt som søvnen, viser berre endelaue draumar, sjølv blir det verande ukjent, ugripeleg. Men også mellom framande kan det slå ei bru av gjenkjenning – for inst inne liknar ofte dei kvarandre mest som har vide verder mellom seg.

Dikt, søvn, draum og gløymse er fenomen, eit flog over pre-sumptivt absolutte grenser, gjenkjenning, oppvaking.

Aldri, å aldri er vi i større grad oss sjølve, aldri så frie og like-vel så botnlaust aleine som i draumen og i diktet – og kanskje i kjærleiken.

(Trykt i Looming 1, 1988)

SYTTANDE MAI

Noregs ambassadør i Estland, **Brit Løvseth**, heldt 17. mai ei stor mottaking i Tallinn. Gjestene var sentrale politikarar, representantar for styresmaktene og diplomatiet, men også framstående kunstnarar og kulturpersonar. Det vart servert norske spesialitetar som lefse, geitost, flatbrød og spekemat.

Estlandsforeningen i Rogaland stilte i Stavanger under eiga fane i toget. Saman med dei gjekk ei estisk skuleklasse som var på besøk på Austbø skule i Hundvåg.

Statlege middel gjekk til å arrangera syttandemai-show i Oslo for 31 barn frå 15 nye aust-europeiske land. Det var sjølvstekt hyggeleg både for barna og for reisefølgjet deira. Men tenk på alt det nyttige ein kunne gjort for dei pengane innan helsesektoren! eller innan utdanning!

NORSK AFTEN

Som oppfølging av kurset i estisk på Ski i vår ble det arrangert en "skoletur" til Estland 26.6.-2.7. I den forbindelse ble det arrangert "Norsk aften" på et gods i Saku. Ca. 150 personer var til stede med ambassadør **Brit Løvseth** i spissen. Programmet hadde innslag av sang, musikk, folkedans, video og lysbilder. Serveringen bestod av norsk mat medbrakt fra Norge. Den var velvillig stilt til disposisjon av norske firmaer. Drikkevarer stod esterne for med Saku bryggeri i spissen. Primus motor bak evenementet var **Ivar Otto Iversen**.

STORE TING!

Ja, no skjer det store ting i Tartu! Det vart litt av ein pangstart for **Tartu Norra Selts**, dvs. Den norske foreininga i Tartu, som vart skipa 18. mai i år på eit møte som professor **Peeter Vihalemm** leidde. Initiativet kom frå folk knytta til universitetet, særleg var det stor iver ved Institutt for journalistikk, og

naturleg nok ved Nordisk institutt. Interesse for Noreg er enorm, og 148 personar melde seg inn på ståande fot - bokstavig talt, for det var sitjeplassar berre til femteparten. Dessutan fekk laget fem kollektivmedlemmer.

Noregs ambassadør til Estland, **Brit Løvseth**, var den dagen på offisielt besøk i Tartu; ho helsa møtelyden med ein velformaliten tale. Frå Norsk-estisk kulturlag møtte **Turid Farbrege**.

Laget heldt eit nytt allmøte 7.9. På grunnlag av tidlegare erfaringar la styret dette møtet til det største auditoriet i hovudbygningen på universitetet. Klokkeslettet, fire om ettermiddagen, kan ikkje ha vore midt i blinken for alle, men historia gjentok seg. Folk stod oppetter alle vegger. Resultatet var ca. 80 nye einskildmedlemmer og to nye kollektivmedlemmer.

Epp Lauk rapporterer om hovudpunkta på møtet 7. september:

1. Vedtektene vart endeleg vedtekne, dei føreset nært samarbeid med den norske foreininga i Tallinn og med Norsk-estisk kulturlag. Medlemspengane vart fastsette til 10 kroner for studentar og folk utan fast inntekt, og ei dagslønn for dei som har lønna arbeid.

2. Det vart oppretta seksjonar, førebels tre, for folkloristar, mediafolk og legar. Ein skitrenar vil til vinteren samla venner av Noreg til skiturar.

3. Det er meininga å ha minst eitt arrangement kvar månad, og i samband med det senda ut medlemsbladet som 5 personar har teke på seg å redigera. Det første møtet blir ei samkome med studentar som fortel om erfaringane frå studium i Noreg. Nordmenn som skal til Tartu, blir bedne om å ta kontakt i god tid slik at det eventuelt kan kallast inn til møte med norsk gjest.

4. Det blir lagt stor vekt på språkkurs, og der spelar **Oddvar Støme** ei viktig rolle. Han er norsk sendeaktor ved universitetet og prøver dessutan med hjelp av studentane sine og tidlegare folkehøgskuleelevar å organisera norskkurs i regi av foreininga. Meir enn 60 melde seg på med det same, sidan kom det fleire namn på listene.

5. Leiar for Tartu Norra Selts er professor **Karl Lepa**. Dei andre i styret er **Lumme Erilt**, **Indrek Kolka**, **Enno Kross**, **Epp Lauk**, **Varje Sootak** og **Oddvar Støme**.



Frå møtet i Tartu Norra Selts 18. mai. Ambassadør **Brit Løvseth** i trønderbunad og **Turid Farbrege** i rogalandsbunad saman med fru **Ingrid Rüütel**, folklorist og framstående medlem av den nye foreininga.

DEN ESTISKE KRONA

Estland var eit føregangsland i fridomskampen og held fram som viktig vegbrytar. Av dei landa som tidlegare var underlagde Sovjet, vart Estland den første til å innføra egne pengar. Frå og med 20. juni gjeld berre estiske kroner og sent som betalingsmiddel. Dagane 20.-22. juni veksle folk rublane sine om til kroner etter ein kurs på ti rublar for kvar krone. Før dette hadde det ved vekslekontora gått for seg registrering av slike som var fastbuande i Estland og dermed hadde rett til å veksle pengar. Det vart sett ei øvre grense på 1.500 rublar som kunne vekslast av kvar person. For desse fekk dei altså 150 kroner som svarar til 75 norske kroner.

Mange hadde trudd at staten rett og slett skulle dela ut ein viss kronesum til kvar person, og dei gjekk nesten amok for å kvitta seg med rublane før dei skulle avskaffast. Av denne årsaka og fordi det elles rår stor fattigdom i landet, var det mange som ikkje hadde

noko særleg å veksle.

Dei estiske pengesetlane er i verdiane 1, 2, 5, 10, 25, 100 og 500 kroner. Det er fornuftig nok spart på metallet til myntane som er små og lette i høve til det me er vane med. Dei er i verdiane 5, 10, 20 og 50 sent.

Setlane er trykte i USA og England. Dei er store og vakre med nasjonale motiv og med portrett av sentrale personar frå ulike felt innan kultur og vitenskap. 1 krone: kunstnaren **Kristjan Raud** (1865-1943), 2 kroner: vitenskapsmannen **Karl Ernst von Baer** (1792-1876), 5 kroner: sjakkspelaren **Paul Keres** (1916-75), 10 kroner: folkloristen og språkmannen **Jakob Hurt** (1839-1907), 25 kroner: forfattaren **Anton Hansen Tammsaare** (1878-1940), 100 kroner: forfatterinna **Lydia Koidula** (1843-86) og 500 kroner: bladmannen, forfattaren og pedagogen **Carl Robert Jakobson** (1841-82). Nokre av desse personane er nemnde i *Aschehoug* og *Gyldendals Store norske leksikon*. Når det verket kjem i ny utgåve, skal me sjå til at dei andre og enno mange fleire estarar får omtale.

Særleg blant dei russiske innbyggjarane var det mange som ikkje tok krona på alvor og vart sitjande med skjeget i postkassa då ho verkeleg kom, for ho gjorde alle andre pengeslag ulovlege. Nesten 160.000 personar let vera å registrera seg, ein tredjepart av desse i Tallinn.

Litauen var det første landet som begynte å veksle estiske kroner. Den finske banken **Kansallis-osakepankki** følgde etter 14. august. Forretningsverksemda mellom Finland og Estland er etter kvart så omfattande at det var naturleg å gå til eit slikt steg, vart det opplyst.

Op 15. august stod kursen på estiske kroner for første gong oppført blant andre valutasteg i ei vestleg avis. **Helsingin Sanomat** i Finland førte då opp EEK med kjøpekursen 0,341 mark og salskursen 0,345. Flytande mark har sidan gitt ei sterkare krone. Den første (og hittil einaste?) i eit vestleg land til å veksle estiske kroner over disken, var **Forex-Valutaväxling** i Stockholm.

For ei norsk krone (NOK) får ein nokså nøyaktig to EEK-kroner. Estiske bankar veksle i midten av september russiske pengar til kursen 12-13 rublar for ei estisk krone.

Frå 20. juli gjeld den russiske rubelen heller ikkje som betalingsmiddel i Latvia. Der nyttar dei i ein overgangsperiode latvisk rubel.

ENDELEG GRUNNLOV

Den nye estiske grunnlova vart vedteken i ei folkerøysting 28. juni. Mellom anna på grunn av at det var sommar og delvis ferietid, var det høve til å førehandsrøysta i to veker. Røysteprosenten var 66,4. Av desse røysta godt 91% for å vedta den nye grunnlova.

Det var i førevegen mykje fram og tilbake i spørsmålet om eksilestarane skulle ha røysterett eller ikkje. Det enda med at dei røysta. Av 22 estarar som røysta i Noreg, gjekk alle inn for å vedta grunnlova. Dei 18 som røysta i Danmark og på Island hadde same syn på saka.

Ved denne røystinga deltok berre dei som var estiske statsborgarar før den sovjetiske okkupasjonen, eller som var etterkomarar av slike.

Det vart samtidig røysta over ei anna sak som det var viktig å avgjera før presidentvalet og valet til ny nasjonalforsamling 20. september. Skulle røysteretten bli utvida til å omfatta dei som seinast 5. juni hadde levert søknad om estisk statsborgarskap. Det vart allment sagt at dei var russarar, og at røysterett til dei ville opna for røysterett til russarar i hopetal, men eigenleg var det, blant dei som hadde levert søknad, eit fleirtal av finnar og ingermannlendingar (ingerar), som etter krigen hadde busett seg i Estland. Og noko rush hadde det ikkje vore på dei stadene der dei tok imot slike søknader; alt i alt galdt det drygt 5.000 personar. Eit fleirtal på over 53% gjekk imot røysterett til desse. Mest imot var eksilestarane i Australia (97,2% imot) og USA (86,9% imot). Dei romslegaste estarane bur i Narva (83,6% for) og i Luxemburg (76,9% for).

Etterpå er det hevda at mange ikkje visste skikkeleg kva røystinga galdt, og i lys av etterpåklokskapen verkar det som mange fleire ville ha røysta ja til denne gruppa. I alle fall er nektinga utnytta maksimalt i propagandaen mot Estland.

VAL 20. SEPTEMBER

Estland gjekk 20. september til val på president og "rigikogu", dvs. nasjonalforsamling. I det fine haustværet tykte mange at dei hadde viktigare ting å gjera - ta opp poteter f.eks., for det blir heilt sikkert ein hard vinter å koma igjennom. Røysteprosenten vart likevel så pass høg som 67,35.

Presidentvalet

Denne gongen skulle folket velja president for fire år. I framtida skal nasjonalforsamlinga gjera det valet, og då for fem år om gongen.

Fire presidentkandidatar stilte opp. Det var **Arnold Rüütel** som alt har hatt den tilsvarande stillinga sidan 1983, **Lennart Meri** - forfattar og i ein periode utanriksminister, no Estlands ambassadør i Finland, professor **Rein Taagepera** - eksilestar frå Kalifornia, og **Lagle Parek** - kjend opposisjonell og einaste kvinne i firklovetet. Røystefordelinga vart følgjande: Rüütel 41,8%, Meri 29,5%, Taagepera 23,4%, Parek 4,2%.

(opplyst i estisk fjernsyn 23.9.).

Rüütel vann med andre ord ein klar siger, men på grunn av at ingen fekk absolutt fleirtal, skal etter lova nasjonalforsamlinga gjera det endelege valet mellom dei to som fekk flest røyster. Det trengst då to tredjedels fleirtal. Dei mest pessimistiske kommentatorane stiller oss i utsikt ein dragkamp som kan vara heilt til jul.

Nasjonalforsamlinga

Etter grunnlova skulle det veljast 101 representantar. Då fristen for å stilla opp kandidatar gjekk ut 6. august, var det registrert 633 personar på 17 ulike lister. Dei to store valforbunda, Fedrelandet og Folkefronten stilte kandidatar til alle dei 101 plassane.

I søraust, der det mellom Estland og Russland er ulik oppfatning om kvar grensa skal gå (slik det vart bestemt ved freden i 1920, eller slik Sovjet eigenrådig bestemte det tidleg under okkupasjonen), vart estarar frakta med buss frå Petserimaa over grensa til røystelokala på vestsida.

Reglane for valet var velmeinte, men kompliserte. Tanken var å favorisera dei største partia i von om at "rigikogu" skulle ha få og klare grupperingar og bli meir effektiv enn den brokete forsamlinga som gjekk av. Dette mislykkast langt på veg ved at heile 9 ulike parti eller valforbund fekk representasjon. Oversikten i estisk fjernsyn 23.9. gav følgjande fordeling: Fedrelandet 29, Sikker heim 17, Folkefronten 15, Dei moderate 12, Det nasjonale sjølvstendepartiet 10, Borgarpartiet 8, Royalistane 8, Dei grøne 1, Næringslivspartiet 1.

Mange pennesføre folk stilte opp til val, og mange av dei kom inn, f.eks. forfattarane **Jaan Kross**, **Jaan Kaplinski**, **Arvo Valton** og **Paul-Eerik Rummo**, likeins kritikaren **Rein Veidemann**.

Flest røyster fekk **Jüri Toompuu**, eksilestar, USA-oberst og veteran frå Korea-krigen. Han har vore forsvarsminister i den estiske eksilregjeringa som i sommar la ned verksemda. Heile 16.904 estarar satsa på Toompuu. I dragsuget hans kunne ein partifelle koma inn i nasjonalforsamlinga med berre 51 personlege røyster. Nærast Toompuu kom **Mati Pääs** med støtte frå 9.618 landsmenn - mellom dei kanskje også bestefaren, **Konstantin Pääs**, Estlands president i mellomkrigstida, som vart depor-

tert av russarane og døydd på sinnssjuehus for om lag førti år sidan.

Valkampen viste at estarane er svært opptekene av fortida, no som dei har høve til å vera det.

Ein av desse blir Estlands president. Arnold Rüütel (øyst) og Lennart Meri.



TILBAKETREKKINGA AV RUSSISKE TROPPAR

Russland gjekk i august med på å dra ut troppane før utgangen av 1994 dersom dei russiske krava vart oppfylte. Krava gjeld m.a. husvære i Russland for russiske offiserar. Bak kulissane er det alvorlegare saker, for m.a. har russarane vanskeleg for å gi opp radarstasjonane sine i Baltikum. Skal desse oppretthaldast, vil det i praksis bety at Russland har basar i Estland. Russland vil også at Estland skal avstå frå erstatningskrav for den

skaden troppane har gjort sidan 1940.

Utanriksminister Jaan Manitski kommenterte 6.8. at både dei baltiske landa og Russland ønskjer å vera "europaiske" land som avgjer konfliktane sine på ein sivilisert måte. Frå baltisk synspunkt høyrer det ingen stad heime at framande og uønskte troppesstyrkar er stasjonerte i dei tre sjølvstendige landa.

Russarane snakkar mykje om menneskerettar. Dei påstår at russarane blir diskriminerte i Baltikum ved at dei m.a. blir sett vilkår for statsborgarskap. Eigenleg er dei estiske lovene svært liberale. F.eks. kan ein søkja statsborgarskap når ein har budd to år i landet og kan dokumentera brukbare kunnskaper i estisk. Ein skal meistra estisk både skriftleg og munnleg så ein klarer seg i det daglege, kan setja opp brev og følgja samfunnsdebatten i avisene på det språket. (I Noreg må ein vera fast busett i sju år og ha god vandel før ein kan bli statsborgar.) Det som plagar russarane, er framfor alt at dei har mista mange av dei særrettane dei hadde tidlegare, dei har problem med å finna seg til rette når dei må stilla på lik line med andre.

Faktisk er ein del av militærstyrkane alt dregne ut. Per 20.9. var det igjen om lag 13.000 sovjetiske militære av dei 36.000 som var der eit år tidlegare. Men elitetroppane i Tallinn og Viljandi har det vore vanskeleg å bli kvitt. Når estarane overtek militæreirar etter russarane, finn dei at alt som kan rivast laust, er fjerna, og alt som kan knusast, er grundig øydelagt. Russarane grev jamvel opp jorda på jakt etter leidningar med verdifulle metall.

Soldatane har sikkert ikkje store forventningar til den materielle standarden som ventar dei i Russland, så kven veit om ikkje nett-opp eit gammalt klosett el.likn. kan visa seg å vera svært så verdifullt - om dei greier å få det med seg.

Kjelder: bl.a. *Helsingin Sanomat* 10.9., *Aftenposten* 16.9. og *estisk radio* 20.9.

NATO-FLÅTEBESØK I TALLINN

Dagane 6.-9. august var det i Tallinn besøk av ein Nato-flåte med skip frå åtte land, mellom dei Noreg og Danmark.

Innbyggjarane i Tallinn hadde høve til å gå om bord i skipa, og det vart arrangert vennskapskampar mellom marinesoldatar og estarar i ymse ballspel.

Befalet for flåten hadde møte både med president Arnold Rüütel og med den estiske regjeringa. Kontra-admiral Donald Dyer gav uttrykk for støtte til kravet om at dei russiske troppane må bort frå estisk territorium. På den måten vart dette ei viss motvekt til det lånet på ein milliard dollar som dei vestlege landa 6. august gav til Russland.

Dei baltiske landa ville ha Vesten til å avstå frå hjelp til Russland så lenge russiske troppar står i Baltikum. Dette lykkast altså ikkje i første omgang, men radiomeldingar 24.9. fortel at det begynner å bli gjennomslag i Vesten for denne typen press på russarane. Kanskje er det delvis eit resultat av møtet dei baltiske statsministrane hadde med nordiske kolleger i Danmark i midten av august.

Nato-soldatane viste forresten ikkje noka eksemplarisk framferd. Fulle marinegastar slost i gatene og knuste vindu i sentrum av Tallinn. Om soldatane kjem frå aust eller vest, så ser dei ut til å ha visse ting til felles når dei kjem til Estland.

MELDING TIL ALLE STRIKKEGLADE

Framfor ein kald vinter har forsvarsdepartementet i Estland gått ut med ei oppmoding til kvinneorganisasjonane og bedt om hjelp til å skaffa soldatane varme klede. Om strikkepinnane går flittig, kan det bli både sokkar og genserar. Så spørst det kvar ullgarnet skal koma frå. Det er mangelvare det også. På statsbudsjettet er 3% sette av til forsvaret. Dei pengane går med til våpen og ammunisjon.

I den aktuelle aldersgruppa er det 11.400 unge menn, men ein stor del fell utanfor fordi dei ikkje er estiske statsborgarar, 15% fell utanfor p.g.a. dårleg helse og 20% på grunn av utdanning. Ein reknar i statsbudsjettet med 4.500 menige og 500 offiserar. Tenestetida er 12 månader, ei forlenging til 18 månader ville gitt 7.000 mann.

Kjelder: m.a. *Rahva Hääli* 4.9.92

KONGELEGE GJESTER

Det svenske kongeparet tek for seg eitt land om gongen i Baltikum. I april vitja kong Carl Gustv og Silvia Estland for så å dra til Latvia i september. Dronning Margrethe og Henrik slo alle fluene i ein smekk i slutten av juli. Begge majestetane var mektig populære.

UGRAS

Når det begynner å veksa i hagen, veit ein ikkje om det er ugras eller nytteplanter som spirer. Det er først etter ei tid at ein ser om det er ein nyttevekst som strevar mot lyset eller om det er pengehækna som florerer. Desse orda er siterte etter ei utsegn gitt til ei avis av den estiske lyrikaren Ellen Niit.

Ein har ikkje lett for å tru at det er store pengar å tena på Baltikum og Aust-Europa enno, men landa verkar likevel som flugepapir på alle slag eventyrarar og fallerte forretningsmenn frå vestlege land. Slik kan det jamvel henda at det somme av eit godt hjarte gir til Baltikum, blir ført ut av landet igjen av profittsvoltne lykkejagarar som etablerer seg med firma i hopetal og sjonglerer med overføringar frå det eine til det andre.

"Varför skriver man så mycket om den ryska maffian, men ingenting om de västerländska skurkar och lyckosökare, som startar "endagsföretag" i Baltikum för att kamma hem enorm vinst genom att t ex lura till sig sällsynta metaller?" Dette spørsmålet stiller Irina Makridova, historikar og programmedarbeidar på Radio Sweden i bladet Nordens Tidning 2, 1992. Artikkelen har overskrifta "Fri marknad eller loppmarknad". Ho har synspunkt på demokrati også, her i vest stiller me andre krav til austeuroparar enn til oss sjølve:

"Varför håller man hemma i väst så styvt på demokrati och utreder och röstar om varenda lilla förändring, samtidigt som man skickar rådgivare till Moskva och tror att de kan vända upp och ner på allt uppiifrån, centralt och utan att behöva ha någon förankring hos parlamentet eller folket?"

FENGSELSVESEN

Tilstanden er kritisk i estiske fengsel og arbeidsanstalter. Rømming og blodige konflikter er vanlege.

I Estland er det 17 fengsel og arbeidsanstalter der om lag 5.500 fangar sonar straffa si. Gjennomsnittsalderen er 28 år, og gjennomsnittleg soningstid er 5,5 år. Estarane utgjer 62% av innbyggjarane og ca. halvparten av fangane.

Fengsla er overfylte, på same sal kan det bu 20-70 fangar. Berre tredjeparten av fangane er sysselsette med noko slag arbeid. Årsaka er den økonomiske krisa med mangel på råvarer. På andre sida har det vore tilfelle der fangane har funne høve til å fabrikkera skytevåpen.

På grunn av lausrivinga frå Sovjet er det sendt heim til Estland 550 fangar som sona straffa i russiske fengsel. Dei er for ein stor del farlege valdsforbrytarar.

Arbeidet som fangevaktarar er farefylt, alle stader er det underbemanning, og det blir tilsett vaktarar som ikkje har utdanning eller som ikkje passar til ei slik stilling. qqqltalehti 23.5.92

LANDET RUNDT

Spalta gir gløtt inn i den aktiviteten som går for seg over heile landet. Mykje er unemnt, samt av så banale årsaker som dårleg tid.

Kommunaldirektør Audun Øiestad: BERGEN OG TALLINN INNGÅR SAMARBEID

De gamle Hansabyene var for første gang samlet i Øst-Europa med Tallinn som vertskapsby 10.-14 juni 1992.

Det var bred deltagelse under de 12. Hansadager. Fra Bergen deltok utsendinger bl.a. fra Bergen kommune, Bergen Næringsråd og Bergen Reiselivslag. Forsvarets Distriktsmusikkorps Vestlandet, sammen med organist Asbjørn Myksvoll, representerte Bergen under den omfattende kulturpre-

sentasjonen det var lagt opp til.

Bergen markerte seg sterkt også på Hansamarkedet på Rådhusplassen, og hadde bl.a. den største stånden med presentasjon av Bergen og bergenske produkter.

Fra Bergens side la vi vekt på å knytte kontakter med representanter fra forvaltning, kultur og næringsliv under besøket. Bergen arrangerte bl.a. en større mottakelse med innbudte gjester fra Tallinn, og over 100 representanter deltok. For å legge grunnlaget for en styrking av kontakten mellom Bergen og Tallinn, ble det inngått en intensjonsavtale om samarbeid mellom Tallinn by ved ordføreren og Bergen kommune ved rådmannen. Også Novgorod inngikk i denne avtalen.

De områder som ble pekt ut for utbygging av samarbeid var:

- Handel og næringsliv.
- Ekspertise, særlig innenfor områdene administrasjon og byplanlegging.
- Kulturfeltet.

Bergen er nå i gang med å konkretisere nærmere prosjekter som vil bli presentert.

Hansadagene i Tallinn var en suksess for byen, både p.g.a. den vakre Gamlebyen og det gode og vel gjennomførte programmet.

Byen vant seg mange venner og fikk mange verdifulle kontakter i de øvrige hansasbyene. Men avtalen med Bergen var det mest håndfaste uttrykk for dette.

qqqAudun Øiestad

ESTLANDSFØRENINGEN I ROGALAND

Det har utover sommaren vore livleg trafikk mellom Estland og Rogaland. Willy Jensen, formannen i Estlandsforeninga, var sjølv i tre veker vert for den estiske kunstmålaren Aksel Eist og Eha, kona hans.

Rogaland fylkeskommune i samarbeid med Estlandsforeninga går vidare med prosjektet "Rogalands-dagane" som skal realiserast i 1993. To personar, Ede Kõrgvee og Ilmar Loomann, frå estisk fjernsyn gjorde i september (veke 38) opptak som skal bli ein presentasjon av Rogaland. Samtidig var det besøk av Mirka og Jaak Kangilaski. Kangilaski er, som mange veit,

leiar for Eesti-Norra Selts, dvs den norske foreninga i Tallinn. Han er rektor på Kunsthøgskulen og har kunsthistorie som sitt spesialfelt. Han heldt nokre førelingar på Rogaland distriktshøgskule over emnet **Baltisk samtidskunst**, særleg med vekt på estisk kunst. Det viktigaste føremålet med reisa var for Kangilaski å setja seg inn i finansieringa av kultur. Han hadde samtalar med fylkeskultursjef Roald Håland, vitja fleire av musea osv.

Estiske ungdommar i Rogaland

Ein del estiske ungdommar går på skule eller studerer rundt omkring i Rogaland: 2 på International Baccalaureate-lina på St. Olav vidaregåande skule, 1 på Sola vidaregåande skule, 1 på Sandnes vidaregåande skule, 2 på jordbruksskulen på Øksnevad, 4 på folkehøgskulane og 1 på distriktshøgskulen. Den sistnemnde heiter Maarja Siiner. Ho fekk det språklege grunnlaget lagt på Ryfylke folkehøgskule der ho var elev i fjor.

Dei som vil koma i nærare kontakt med desse ungdommane, kan venda seg til Estlandsforeninga i Rogaland for fleire opplysningar, sjå adresselista s. 31?

Museumsdirektør Harald Hamre: STAVANGER MUSEM

Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museers Landsforbund (NKKM) planlegger i samarbeid med museumskolleger i Estland å opprette et bibliotek med norsk museums-litteratur i Tallinn. Idéen er at alle norske museer skal gi et eksemplar av alle sine publikasjoner til biblioteket som skal lokaliseres til Eesti Ajaloomuseum (Historisk Museum). Tiltaket vil bli iverksatt i løpet av høsten 1992.

Stavanger Sjøfartsmuseum har laget en vandrestilling om sildefarten fra Sørvest-Norge til Baltikum på 1800-tallet. Utstillingen har tittelen "Til Riga med sild" og viser også høydepunkt fra museumsjakten "Anna af Sand"s historiske sildeseilas sommeren 1990. Neste år skal utstillingen vandre til de fleste kommuner i Rogaland og deretter skal den presenteres i Estland, Latvia og Litauen.

Museumstjenesten for Sør-Trønd-

delag har bearbeidet en utstilling fra Eesti Ajaloomuseum om Stalintiden i Estland for visning i Skandinavia. Utstillingen har tittelen "Estland under Stalin" og skal åpnes i Trondheim i oktober/november. Deretter skal den vandre til andre museer i Norge og forhåpentligvis også til Danmark. (Kontaktperson ved Museumstjenesten, tlf. +07 518705, er bestyrer Knut Wik.)

Harald Hamre, direktør ved Stavanger Museum, besøkte i august Eesti Ajaloomuseum i Tartu på spor etter kildemateriale om norsk skipsfart på de estiske havnebyene i forrige århundre. Resultatet var til dels svært lovende fordi det viser seg at de estiske arkivene har bevart store mengder dokumentasjon av handel og skipsfart både fra offentlige etater og private firma. Dette materialet er ennå delvis ukjent til og med for estiske historikere.

Harald Hamre

Redaksjonelt tillegg: Sjøfartsmuseet i Stavanger arrangerer søndag 25. oktober "Baltisk dag" klokka 11-16. Dagen vil bli sterkt dominert av Estland.

ROGALAND HUSFLIDSLAG

utviklar seg til ein faktor som ein må rekna med i norsk-estisk kontaktbygging. Leiaren, Olaug Ravndal i Stavanger, fortel at dei nordiske husflidslaga i månadsskiftet juni/juli heldt husflidsting på Island, og der tok dei opp Estland på nytt. Estland var medlem av tinget før krigen og skulle ha arrangert tingmøtet i 1939, men det sette russarane ein stoppar for. Når neste tingmøte blir halde på Lillehammer om tre år, kan det godt vera at Latvia også er med.

Formannen i Estlands husflidslag, Juhan Kajandu, valde ut og sende over til Stavanger 200 husflidsarbeid av tre, never, lær, kopar, messing, vev og strikk til ei salsutstilling. Det var nydelege ting til billige prisar så "folk var jo heilt vidle," og dei "gjekk i spinn!" blir det meldt. Første utstillingsstaden var Stavanger; sidan skal utstillinga til Randaberg og Helleland.

BØDENE I ROGALAND

Årsmelding for Rogaland Bondelag 1991 for-

tel om byrjinga på den store estlandsinteresse blant bøndene i fylket. Det begynte som eit eventyr. Det var eingong eit møte, og det møtet var nyttårsafta 1990 der sekretæren i Norsk-estisk kulturlag orienterte om Estland. Til stades var nestleiar i Rogaland Bondelag, Tor Sverre Fuglestad, leiaren for Rogaland Bondekvinnelag, Olaug Nevland, rektor på Øksnevad jordbruksskule, Arne Dragsund, og rektor på Jæren vinterjordbruksskule, Olav Harbo.

Sidan har det gått slag i slag - jærbonder i Estland for å studera tilhøva og estarar som har sett seg inn i driftsmetodar på Jæren. På den måten har partane kunna klargjera både kva estarane treng mest, og korleis ein frå norsk side best kan støtta utviklinga av eit moderne jordbruk. Hjelpa er særleg konsentrert til ei bestemt bygd, Möniste, i Vörumaa fylke i det søraustlege Estland. Området vart utpeika av Toomas Help den tid han var tilsett ved Estisk Institutt i Tallinn; han fann fram til Ants Sild, som var heime frå denne delen av landet og hadde engelskkunnskapar nok til å vera tolk.

Nokre av måla for arbeidet er utdanning av estisk ungdom til jordbruksyrke og oppbygging av ein maskinstasjon for bøndene i området. For å finansiera dette er heile Rogaland gjennom bladet "Bondevennen" engasjert i kronerulling der målet er å få inn 200.000 kroner. Nesten like mykje, eller 190.000, løyvdte utanriksdepartementet.

Estlandsturen som bondelaget og bondekvinnelaget stod for i sommar, vart fullteikna med 45 deltakarar. Engasjementet kjem sterkt til uttrykk i Bondevennen for 15. august, som er vigd Estland. Det gir informasjon både om landet generelt og om Möniste spesielt - interessant lesnad for alle (adr. Postboks 208, 4001 Stavanger). På framsida kjenner me igjen Tiina Kliiman, folkehøgskuleelev på Solborg i Stavanger skuleåret 1991-92, ho fungerte som tolk for jærbuane.

11 ungdommar frå Vöru var inviterte til lange sommaropphald på gardar kringom på Jæren. To av dei vart igjen for å gå på jordbruksskulen på Øksnevad. Dette er lagt til rette av rektor Arne Dragsund. Han var den som med heldig hand valde ut personane til det nemnde nyttårsmøtet. Øksnevad har livleg utveksling med jordbruksskulane i Väimela og Antsla, også dei i Vöru-området.

BØNDENE I AGDER

rullar også opp ermane og gir seg i kast med estisk bistand. Etter ein idé frå jordbrukssjef **Frank Kismul** vil det populære "idehjørnet" i "Norsk Landbruk" bli utgitt i bokform i Estland. Boka er omsett av eksilestaren **Ants Lepson**, kjend som kaptein på skuleskipet Sørlandet. Inspirerte av rogalandsbøndene vil yrkesbrøyr i Agder samla inn pengar til trykking av boka i Noreg og har starta "Estlands-aksjonen i Aust-Agder". Også Foreningen Norge-Estland har sett dette som eit prosjekt dei vil støtta.

Holt Landbruksskule og Bygland Skogskule i Aust-Agder var vertar for 10 rektorar frå estiske jordbruksskular då dei i mai vitja Vestfold og Aust-Agder. Det var ein gjensvitt etter at norske rektorar var i Estland eit år tidlegare. På grunn av språkproblema har Holt vore varsam med å ta inn estiske elevar, opplyser rektor **Arve Semb Christophersen** til "Bondevennen".

BØNDENE I VESTFOLD

I februar 1991 heldt **Halvard Kuløy** foredrag i Rotary Larvik Øst med to spesielt inviterte gjester: rektor **Ola Bjelland** frå Gjennestad Gartnerskole og rektor **Otto Møller** frå Vestfold Landbruksskole. Konseptane som utvikla seg av dette, førte til at seks estiske elevar kom til Vestfold alt i 1991 for å få opplæring i jordbruksfag.

Rektor **Otto Møller** har sendt Kulturnytt tre interessante rapportar om Estlandsengasjementet. Stort sett var alle partar nøgde, både elevar, vertsfamiliar og skular. Dei seks estarane fekk kunnskap og erfaring, og ikkje minst etablerte dei vennskap med norske gardbrukarar, noko som blir viktig når dei skal praktisera lærdommen på eigne gardsbruk i Estland.

Språkproblema viste seg å vera nokså store og vil nok få mykje merksemd dersom prosjektet blir følgd opp med ei ny pulje elevar. Opplegget gjekk ut på at engelsk skulle vera kommunikasjonspråk, men norsk viste seg å fungera betre etter ei tid. Elles har eksilestaren **Karl Kübar** i Drammen kunna gi språkhjelp i visse høve. Han skriv på eit kort me mottok i vinter: "Meil siin 2 poissi ja 4 tüdrukut põllumajanduskoolidest Eestist taludes tööl. Kontakt nendega väga hea."

SIRDAL

er i ferd med å bli den mest estiske kommunen i landet. Grupper og einskildpersonar reiser strekningen så ofte at det er ikkje til å halda tal på. Men om du svever i eit fly og ser ein liten prikk på asfaltstripa langt nede, så kan det vera **Olav Heggdal** på veg til Estland med ein skurtreskar. I vår drog han austover med såkorn og såmaskinar til bøndene i Väike-Maarja.

Sirdal kommune har løyvd stipend til to unge skiskytarar som skal gå eit år på skigymnaset på Tonstad. Den norske jenta **Ase Idland** var elev der då ho i vinter gjekk til topps i verdsmeisterskapen i skiskyting for juniorar. Det ligg med andre ord til rette for at **Sirle Metsamäe** og **Raivo Piil** skal få eit godt grunnlag. Det langsiktige målet dei rettar børsene mot, er sjølvstøtt blinktavlene på Lillehammer.

I tida 22.-29.9. har dei fire skulane i Sirdal vitjing av 33 elevar i 12-årsalderen, og 4 lærarar frå **Vanalinna Muusikakool** i Tallinn. Kunstnaren **Jarõna Ilo** er også med i denne gruppa.

BERGEN

På annan stad i dette nummeret har kommunaldirektør **Audun Øiestad** fortalt om samarbeidavtalen mellom Bergen og Tallinn. Ei oppfølging av dette er offisielt besøk av Tallinns borgarmeister, **Jaak Tamm** i Bergen 1.-4. oktober.

TRONDHEIM I

Liv Hatle rapporterer:

Dr. **Edgar Saar** vitja Trondheim dagane 21.-24. august der han først var deltakar på symposiet "Å bo i Skandinavia. - Det forhistoriske hjem og det moderne internasjonale hjem", og deretter hadde eige lysbilde/videoforedrag ved universitetet. Einnet for det siste arrangementet var ostjakane, eit finsk-ugrisk folk som har buplassane sine langs elva Ob i Sibir. Dr. Saar, som er etnolog, har gjort mange reiser til Sibir og opphalde seg blant dette folket som på utruleg vis har halde i

hevd gamle kulturtradisjonar slik at dei kan opplevast den dag i dag.

Det nemnde symposiet hadde kome i stand etter initiativ frå doktorgradsstudenten **David Benjamin** ved Institutt for arkitektur ved NTH. Tiltaket var støtta økonomisk av Nordisk kulturfond, NAVF, Universitetet i Trondheim, og dessutan av Baltikumkomiteen. **Triinu Wiiburg**, leiaren for Baltikumkomiteen, var tolk under lysbiletforedraget.

Dr. **Edgar Saar** gjorde sjølv sitt til å gjere deltakinga si i Trondheim så billeg som råd, ved å reise med ein lastebåt frå Tallinn til Noreg, ei reise som tok 4 døgn. qqqliv Hatle

TRONDHEIM II

Fleire i Trondheim har sterke norsk-estisk kulturelle interesser. **Helga Kristin Johnsen** er så heldig å ha ei eiga teatergruppe, "Det blå teater" frå Teaterlaget i BUL, Nidaros. Ho lovar å koma tilbake med detaljar om samarbeidet med Estland.

Helga Kristin Johnsen ønskjer elles gjennom Kulturnytt å takka ein del personar. Den første takka går til eksilestarane **Inna** og **Arnold Kuldvere** i Trolle. Utan støtte og inspirasjon frå dei ville ikkje aksjonen **Abi Eestile** (Hjelp til Estland) blitt den han vart.

Vidare går det helsing til alle "Kattaelevane" ved Trondheim Katedralskole som stilte opp på aksjonen. Takk også til **Knut Wikdal** frå Trondheim Røde Kors for innsatsen.

OPPDAL

Avgangsklassa 9C ved Oppdal ungdomsskole valde Estland som reisemål for skuleturen som dei la ut på 16. juni. Bladet "Oppdalingen" fortel på ei heilside 20. juli om opplevingane som var mange og varierte. Likevel slår elevane til slutt fast at: "Vi skulle sett mye mer...". Og det får me håpa at dei finn utveg til om ikkje altfor lenge.

Same avisa melder 14. august om estiske gjester hos Oppdal Rotary. Ekteparet **Kaur Riives** og **Kadri Jakobson** budde hos **Kari** og **Bernt Sæstad** i tre veker. Det heile begynte med at Kari var i Estland dei dramatiska dagane i august i fjor. Kaur studerer ved

jordbrukshøgskolen og **Kadri** går på kunstskeule. På heimvegen hadde dei høve til å sjå seg om i Oslo også med **Arvid Flagestad** som vert.

AUKRA

Aukra Rotary-klubb hadde alt i fjor lagt til rette for å ta imot ein elev som skulle gå på Aukra vidaregåande skule. No gjekk det i orden. Eleven er utvald av Rotary i Tallinn, heiter **Andrus Truul** og fyller 17 år i desember. Han tek no grunnkurs i fiskerifag. Samtidig har han kome inn i miljøet og skal siste helga i september delta i Molde-meisterskapen i sigling; der stiller **Andrus** i laserbåt. Lærer **Arne Småge** er vert for guten, så det blir nok høve til å få ein del ekstraundervisning, m.a. i norsk.

TELEMARK

Frå Bø i Telemark har **Heidi Løvlund** (frå musikkgruppa **Tiriltunga**) sendt rapport om ymse verksemd. Ho dekkjer alle felt frå folkemusikk til medisinske hjelpesendingar.

I juni hadde **Heidi** besøk av Tallinn saxofonkvartett og eit par andre estarar. Kvartetten hadde stor suksess på turneen sin.

Sidan var **Heidi** på **Baltica** folkedansfestival med ein flokk norske ungdommar, og dei greidde å representera bra på alle måtar, for ungdommane var dyktige utøvarar og positive menneske som det var hyggeleg å samarbeida med. I tillegg til festivalen var gruppa ein tur til Värkska i Setumaa der dei fekk ei fantastisk mottaking.

Heidi får i slutten av september besøk av **Kristjan Torop** som no har eit to månaders stipend til Noreg for å setja seg inn i norsk folkedans. Torop har lenge vore den sentrale personen i arbeidet for å ta vare på estisk folkedansstradisjon.

I tida 7.-15. oktober skal **Heidi** undervisa på kulturinstituttet i Viljandi. Heldigvis stemmer det med haustferien på musikk-skulen i Bø der **Heidi** er lærar. Ho skal i Viljandi undervisa i norsk folkemusikk generelt og meir spesielt på fele og fløyte. Ho er invitert av **Ene Lukka**.

I samband med reisa i oktober prøver **Heidi** å få i stand ei hjelpepakke med insulin til diabetikarforeininga i Tallinn. Tid-

legare fekk Baltikum insulin frå Russland, og samtidig er valutasisituasjonen slik at estarane ikkje har råd til å kjøpa insulin frå vestlege land. Tilfeldige grupper som tek med hjelpevarer til Estland, tek nok sjeldan insulin, for den må oppbevarast kaldt og treng klarering frå Norsk medisinaldepot.

Heidi får stadig oppringingar frå estarar på besøk i Noreg. På den måten får ho også halde ved lag språkkunnskapane frå tida då ho studerte i Tallinn og Tartu. Musikken kjenner elles ingen grenser, så Heidi Løvlund har også Latvia og Litauen som interesse- og aktivitetsfelt.

LILLEHAMMER

Kulturlaget sin mann på Biristrand, Steinar Bergseng, melder om stor estisk aktivitet i området. Talet på hjelpesendingar er oppe i 15 berre for i år, den siste var samtidig med valet i Estland. Då vart det frakta medisinar til sjukehuset i Viljandi og varme klede og næringsrik mat til kyrkjelyden i Törva.

Saman med kommunar i dei andre nordiske landa utviklar Lillehammer vennsby-samband med Karksi-Nuia. Leksand tek seg spesielt av grunnskulen medan hjelpekomiteen på Lillehammer satsar mest på helse og omsorg.

Bergseng arbeider med å få ein estisk gut på halvtanna år operert i Noreg. Guten har tidlegare gjennomgått ein mislykka operasjon i Tallinn for open gane.

Estlandskomiteen har kontakt med dei tre estiske folkehøgskuleelevane på Gjøvik og i Ringeby. Desse ungdommane får ingen problem når det gjeld kvar dei skal vera i skuleferiane, for mange heimar står opne dei.

SOLØR

Estlandsinteressea begynte med folkedans og musikk. Grappa Hellero frå Tartu har vore ein viktig faktor i dette sambandet. Men etter kvart har dansen ført langt inn på andre felt. Paal Hansen-Møllerud har vore i Estland for å førebu samarbeid mellom estisk og norsk skogbruk.

Ei konkret oppgåve er å utdanna estiske skogeigarar i drift av eigen skog. I første omgang har Hansen-Møllerud sett opp driftsplan for ein skogeigar i samarbeid med

det estiske skogforskningsinstituttet i Tartu. Elevane derifrå vil vera med som skogassistentar når arbeidet kjem i gang i haust.

HAMAR

Nestleieren i Kulturlaget, Per Martin Tvengsberg, har mange estiske jern i elden. Eitt av dei var glovarmt no i september og kravde at han var nærverande ved innhaustinga av rugavlinga. Han er oppteken med forsøksdyrking av rug og samanliknar ulike rugtypar hos finsk-ugriske folkeslag. Dette er ein del av eit forskingsarbeid om finsk svedjebruk.

SKEDSMO

Varm vennskap har oppstått mellom songarar frå Strømmen og Estland. Bjørg Grønqvist i Strømmen Korforening (blandekor med 40 medlemmer) har sendt eit langt, hyggeleg brev og mykje materiale om kontaktane med Runo mannskor frå Tallinn, opphavleg formidla av eit finsk mannskor.

Etter at Strømmen Korforening var i Tallinn i fjor, kom 40 personar frå Runo til Skedsmo på gjensitt 15. mai der m.a. ordførar Andreas Hamnes ønskte velkommen. Det var privat innkvartering og tettpakka program som mellom anna omfatta feiringa av den norske nasjonaldagen på Lillestrøm.

OSLO

Sjette klasse ved Vindern skole var i juni på gjensitt hos dei estiske vennene sine i Tallinn. Privat innkvartering gav høve til å bli godt kjent med det daglege livet - for ikkje å seia det daglege brødet. (Akersposten 17.6.)

Oslo Nordmarka Krets av Norges speiderforbund følgjer opp det dei sette i gang i fjor med den store leiren i Estland i juni 1991. Otta Karud har sendt materiale om dei langsiktige planane som førebels omfattar tidsrommet 1991-93. Formålet er formulert i fem punkt: *Gjennom samarbeid med speiderne i Estland skal flest mulig speidergrupper i kretsen få oppleve internasjonal speiding i praksis. *Gjensidig forståelse av kulturer. *Medbestemmelse og demokrati. *Internasjonale utfordringer. *Vennskap.

----- Klypp av og send inn -----

Til **Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo**
Postgiro 0823 0985414.

Eg veit at Norsk-estisk kulturlag arbeider for å spreia kjennskap til estisk språk, kultur og andre tilhøve, og for å styrkja vennskapen og byggja opp allsidige kontaktar mellom det norske og det estiske folket. Eg er klår over at det er eit lag som ikkje lovar medlemmene personlege fordelar, men som tvert om vil ha medlemmer som er villige til å yta noko til beste for laget og dei sakene laget arbeider for. Eg melder meg som støttemedlem ___ / som aktiv medlem ___, og betaler medlemspengane (kr 100 for 1992). Ut frå dei opplysningane eg gjev om meg sjølv, kan laget kanskje finna eit felt der eg også kan medverka på andre måtar.

Eg er fødd år 19..... Utdanning:
Yrkeserfaring:
Interesser, hobbyar:
Namn: Yrkestittel:
Adresse:
Telefon:
Dato: Underskrift:

TRAFIKKSAMBANDET

blir stadig betre. Særleg er båtsambandet med Finland livleg med tre bilferjer i rutetrafikk og snøggbåtar nesten i skytteltrafikk om sommaren. Reiseruta via Helsingfors er blitt vanleg for mange nordmenn etter kvart som dei finn ut at det direkte ferjesambandet Stockholm-Tallinn er atskilleg dyrare. Estonian Air utvidar heile tida rutenettet og tilbyr dessutan charterreiser til fleire land. Med buss kjem ein også langt etter kvart. F.eks. hadde ei busstrute Tallinn-Berlin-Hamburg-Kiel første avgangen 3. august. Billettprisen er 800 estiske kroner (400 norske), men ein skal ikkje rekna med nokon stor komfort.

KORT SAGT

Adresseavisen fortel 15.7. at Finn Radmann er på full fart inn i hotellbransjen i Estland. Han har planar om eit hotell i Tallinn med 200 senger og konferanselokale for til saman 400 personar. Prisen er kalkulert til 30 millionar. Prosjektet er avhengig av klarsignal frå regjeringa, og det ventar Radmann å få etter valet i september. Frå før har han garnfabrikk, bleiefabrikk og rekneskapskontor i Estland.

Arbeidsløysa stig med aukande fart, mest på grunn av råvareangelen. 1.8.92 var det registrert 6.597 arbeidsløydige. Flest var det i Narva med 1.520 og i Tallinn. Ein reknar med at den eigenlege arbeidsløysa er mykje større og ved årsskiftet kan liggja kring 45.000. Av dei som registrerer seg som ledige, er 65% russarar og 60% er kvinner. Arbeidsløysetrygda er 160 estiske kroner månaden i seks månader.

Talet på brotsverk stig framleis. Dei sju første månadene i år vart det registrert 23.589 brotsverk i Estland. Det er ein auke på 70 % samanlikna med i fjor.

Varmerekord vart sett i Võru 12.8.92 då temperaturen kom opp i 35,8 grader Celsius. Det er den høgaste temperaturen som nokon gong er målt i Estland.

Regjeringa i Estland har oppretta eit propagandakontor som skal spreia positiv informasjon om landet. Ei anna oppgåve er å motarbeida skadelege og feilaktige oppfatningar, særleg i utlandet. Leiaren for det nye kontoret er Ulo Vooglaid, ein kjend samfunnsvitar.

Det svenske utanriksdepartementet melde 13.8. at det baltiske gullet som var depotert i Sverige og som svenskane overgav til russarane i 1940, no er betalt tilbake til dei rette eigarane. Estland fekk erstatning for 2,9 tonn gull, Litauen for 1,25 tonn.

Dersom utvandringa av russiskspråklege innbyggjarar frå Estland held fram i same tempo som no, vil Estland bli reint estisk-språkleg på 20-30 år, lydde ei optimistisk melding i estisk fjernsyn 19.8. I første halvår utvandra det 17.850 menneske. Av desse drog 17.312 til det tidlegare Sovjet, særleg til St. Petersburg og Moskva eller områda omkring desse byane. Berre i juni drog 4.044, samtidig som 215 flytta til Estland frå andre land. Utvandringa er størst frå Tallinn og Nordaust-Estland. Både Tallinn og Narva betaler kompensasjon til dei som reiser.

Visumtvangen til fleire land er alt oppheva. Utan visum reiser estarane til Storbritania, Polen, Ungarn, Latvia og Litauen. Vidare er det drøftingar m.a. med Kina. Med den store trafikken mellom Baltikum og Norden ser mange det som ein fordel om visumtvangen mellom desse kunne bli oppheva.

Frå fleire hald har det vore klaga over at nordmannen som er Estlands æreskonsul i Oslo tek overpris for visum. Dersom det passsar med reiseruta, er folk rådde til heller å skaffa seg estisk visum i Stockholm eller i Helsingfors.

Willy Jensen, fylkespsykiatrikar og leiar for Estlandsforeningen i Rogaland, har sterkt medverka til at Baltikum får ein del av midla frå TV-aksjonen i haust. Innkoma går i år til psykiatrisk forskning med Rådet til fremme av psykisk forskning som mottakar.

Språkspalta

Temaet for språkspalta denne gang er estisk språk i skjæringspunktet mellom aust og vest, nord og sør. I og med at den nasjonale reisinga i Estland kom relativt seint, og i og med at Estland hadde minimalt sjølvstende fram til 1918, fekk aldri den språklege purismen den stillinga ho fekk i land som Island og Finland. Estisk har ikkje berre lånt ord, grammatikken har også vorte påverka. Her skal vi sjå på eitt grammatisk fenomen, inversjon av subjekt og verb i heilsetningar.

Felles for alle andre germanske språk enn engelsk er at verbet er nøydd til å stå på andre plass i setninga, slik at subjektet kjem på tredje plass viss det ikkje kjem på første. Dette er ikkje noko eksklusivt germansk fenomen. Det eksisterer i ein del vestafrikanske språk (Kru-språk), og det finst i estisk. Nedanfor står den same setninga på norsk, estisk og finsk.

*I går drog Peter til Pärnu
Eile läks Peeteri läks Pärnusse
Eilen Pekka lähti Pärnuun*

Forkorta kan vi seie at norsk og estisk har eit V2-system (verb = nr. 2), mens finsk har eit V3-system. Det er likevel litt for enkelt å seie at estisk har kopiert tysk (eller svensk) syntaks. Resultatet har vorte eit nytt, tredje system, midt mellom germansk og finsk. Ein skilnad er at mens det er grusom norsk å seie **I går Peter drog til Pärnu*, er det ikkje så gale på estisk (sjølv om dei liker V2 best). Viss vi ser nærare på det er det slik at V2 alltid går bra, mens V3 blir betre og betre jo lettare subjektet er. Eit trykklett pronomen klarer utan problem å snike seg foran verbet. Vi prøver med tre ulike subjekt, først det tyngste, *Peter sin bestefar*, så *Peter* sjølv, og til slutt eit trykklett pronomen *ta*, som betyr *han* eller *ho*.

*Eile läks Peeteri vanaisa Pärnusse
Eile läks Peeter Pärnusse
Eile läks ta Pärnusse*

Med V2 (det norske mønsteret) går alle tre like bra. Men kva skje viss vi snur på det?

**Eile Peeteri vanaisa läks Pärnusse
??Eile Peeter läks Pärnusse
Eile ta läks Pärnusse*

Her blir setninga betre og betre desto lettsare subjektet blir. Ein annan skilnad mellom germansk og estisk er at i estisk oppfører V2-fenomenet seg ulikt i negerte setningar. Her kan vi alltid ha V3, mens V2 ikkje er så bra lenger. Nedanfor ser vi kva som skjer viss det ikkje er nokon som drar til Pärnu.

*??Eile ei läinud Peeteri vanaisa P:sse
??Eile ei läinud Peeter Pärnusse
??Eile ei läinud ta Pärnusse*

*Eile Peeteri vanaisa ei läinud P:sse
Eile Peeter ei läinud Pärnusse
Eile ta ei läinud Pärnusse*

Her er plutselig alt snudd opp ned, og vi har det finske V3-mønsteret att. Korfor er det slik? Ei forklaring kan vera at estisk eigentleg ikkje er V2, men 'samsvarsbøying med subjektet'-2. Estisk er som tysk og islandsk: verbet blir bøyd i samsvar med subjektet. Men i estisk gjeld dette berre i positive setningar. Når verbet blir negert kongruerer det ikkje med subjektet lenger.

Ein kan tenke seg at setninga 'eigentleg' ser slik ut:
IGÅR - KONGRUENS - PETER - VERB - ...
For å kunne bli bøyd etter subjektet må verbet fram og hente kongruensen sin. Dermed havnar verbet framfor subjektet. I negerte setningar blir det ikkje noko reising på verbet, det treng ikkje kongruensen, og blir det det er.

I norsk er det ikkje samsvarsbøying, så her er det bøying i TIDSOM er det verbet må strekke seg etter:

IGÅR TEMPUS PETTER DRA TIL PÄRNU
Dermed seier ungar *Pappa ikke reise!* heilt til dei lærer seg tidsformene: *Pappa reiser ikke!* Estisk har eit anna underliggende system, men resultatet blir delvis det same, i alle fall så lenge vi ser på det positive!

Trond Trosterud

VIL DU VÆRE ORIENTERT?

Da anbefaler vi et abonnement på **Norsk-estisk kulturnytt**. Tidsskriftet kommer ut med ca. fem nummer per år. Prisen for 1992 er kr 100.

Andre tilbud, som også kan bli en fin presang til dine venner:

Same hav i oss alle, dikt av Jaan Kaplinski, gjendiktet av Turid Farbrege. 183 s. Gyldendal, 1988. Belønnet med Bastianprisen. kr 100,-

Varulven og andre estlandske eventyr, innbundet, 112 s. Norsk Barneblads Forlag, 1982. Illustrert av Vive Tolli. kr 30,-

Dyade nr. 6, 1987. Temahefte om Estland og estisk kultur. 72 s. kr 30,-

Barn av vind og vatn. Reproduksjoner av Kaljo Põllu, tekster av Jaan Kaplinski. 44 s. kr 50,-

Tallinn bykart med register, buss- og trikkeruter. kr 30,-

The Baltic States, 270 s. Tallinn 1991. Et oversiktlig og godt dokumentert moderne oppslagsverk om Estland, Latvia og Litauen. Det inneholder blant annet oversiktsartikler og tabeller om språk, kultur, religion, historie, befolkning, sosiale forhold, politisk system osv.: kr 200,-

Send bestillingen til Norsk-estisk kulturlag, Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Jeg bestiller herved:

Abonnement på Kulturnytt for 1992		kr 100,-
.....stk Same hav i oss alle	à kr 100 tilsammen	kr.....
.....stk Varulven	à kr 30 tilsammen	kr.....
.....stk Dyade 6, 1987	à kr 30 tilsammen	kr.....
.....stk Barn av vind og vatn	à kr 50 tilsammen	kr.....
.....stk The Baltic States	à kr 200 tilsammen	kr.....
.....stk Tallinn bykart	à kr 30 tilsammen	kr.....
Totalt kr.....		
+ porto		

Navn (tydelig):.....

Adresse:.....

Poststed:.....

Dato og underskrift:.....

Anu Saluäär: NORDISK LITTERATUR PÅ ESTNISKA

Redan så tidigt som år 1925 skrevs det i Svensk Turistidning under rubriken "Våra förbindelser österut": Ehuru avståndet över havet är ganska kort, ha våra förbindelser med Finland, Balticum och Ryssland hittills icke utmärkts av den livlighet man haft rätt att vänta. Det heter att havet förenar, men i detta fall har det mera åtskilt än förenat." Förhållanden mellan Norden och Balticum är fortfarande desamma som de var efter det första världskriget.

Vad jag undrar på är att avståndet till Balticum syns vara mycket kortare. Så har vi i Estland under de sista hundra åren skaffat oss ett litet nordisk bibliotek på estniska, trots att man i Sverige och Norge först under de sista tio år har börjat tänka på de "nya grannarna" och översatt ett tiotal titlar av alla de baltiska ländernas litteratur, och i Danmark och Island har man knappt ens hört om att det finns sådan litteratur på vår gamla jord.

Allting beror på människor. På sista tiden har vi - de "före detta sovjeterna" - hört mycket om marknadsförhållandena och det kommersiella bokförläggandet i västvärlden. Balticum hörde till Väst under den korta självständighetsperioden i mellankrigstiden, och marknadsförhållandena rådde hos oss på samma sätt som i Norden. Den sovjetiska ockupationen medförde ännu mer begränsade och strängt övervakade översättningsmöjligheter. Men i alla tider har det funnits ett fåtal övertygade skandinavister i Estland, förkämpar för nordisk litteratur, som trots allt ägnade sig åt svensk, dansk, isländsk och norsk litteratur. Deras antal sedan sekelskiftet kan man räkna upp på båda händernas fingrar.

Så har man i Estland nästan under hundra år flitigt spelat Ibsen och Strindberg, läst Lagerlöf, Hamsun, Olav Duun, Sigrid Undset osv. Men har någon i världen hört om stora estniska dramatiker som August Kitzberg eller Eduard Vilde? Minns någon i

Norden vår stora romanförfattare Anton Hansen Tammsaare som tävlade med F.E.Sillanpää om Nobelpriset år 1939?

Om man kunde tänka sig, att grannskap förpliktar (liksom estniska skandinavister alltid har förmodat), så skulle man också kunna föreställa sig, att även estnisk litteratur skulle vinna genklang i Norden. Men det blev som det blev. Vi kom för sent och försvann för tidigt ur den baltoskandiska gemenskapen.

Men allting började ju ganska bra. År 1878 är mycket viktigt i Estlands och Danmarks kulturella förbindelser, eftersom de första stegen då togs: en av H.C. Andersens sagor översattes till estniska, och en prosaaterberättelse av det estniska eposet *Kalevipoeg* kom ut i Danmark. Nyligen - med anledning av drottning Margrethes statsbesök - sammanställde man i Estland en bibliografi över dansk litteratur på estniska och estnisk litteratur på danska. Den omfattar en hel liten bok, trots att den sista delen rymmer ganska bra på en sida av det hela. Utöver den nämnda *Kalevipoeg* finns det på danska bara några noveller av Rein Saluri och Arvo Valton. (I den närmaste framtiden skall dock *Kejsarens galning* av Jaan Kross utkomma - obs! översatt från finska!)

Ett hundra år senare - år 1978 - utkom på estniska en mycket representativ novellantologi med titeln *Dansk novell*, vilken omfattar ca 400 sidor och ett trettiotal författare från Herman Bang till våra dagar. Det återstår att hoppas på att det år 2078 utkommer en bibliografi över danska översättningar från estniska - och att även den skal omfatta en hel liten bok.

Paradoxalt nog var norsk litteratur dock den mest omtyckta i Estland på 20- och 30-talet. Ibsen har man spelat nästan varje sesong sedan år 1904. Före det andra världskriget utkom 19 romaner av Knut Hamsun på estniska. På trettiotalet startades en romanserie med namnet *Nordisk roman*, där det oftast förekom just norska författare (Bj. Bjørnson, Johan Bojer, Olav Duun). Man översatte flera romaner av Kielland, Lie och Undset, för att inte tala om folkkära berättare som Trygve Gulbrandsen och Sven Elvestad. Många av de älskade nordiska romanerna gav man ut på nytt på 1950-talet i exil, mest i Toronto, Canada, där krigsflyktingar saknade

läsning på modersmålet.

Efter kriget, efter att flera översättare omkommit, flytt til väst eller hamnat i de sovjetiska fånglägren, efter det välbekanta tomrummet mellan åren 1940-1955, började livet i bokvärlden på nytt, när några av de språkkunniga återvände från Sibirien. En av dem var efterkrigstidens flitigaste översättare från norska, svenska, danska och isländska, Henrik Sepamaa (Laxness, Strindberg, Ibsen, H.C. Andersen, men också Halldor Stefansson, Arthur Omre, Tove Ditlevsen, H.C. Branner m.m.) Bredvid honom började den unga redaktören i förlaget "Eesti Raamat", Arnold Ravel, översätta från svenska. De båda män inledde "den skandinaviska andelen" i den 1957 startade översättningsbokserien "Loomingu Raamatukogu", där det årligen utkom ungefär 5-6 nordiska författare (en årgång av "Loomingu Raamatukogu" består av 25-30 häften). Utöver det fortsatte man översättningsarbetet även på andra håll, såvitt som möjligt: förlaget "Eesti Raamat" satsade på större klassiska verk, på samma tid som "Loomingu Raamatukogu" försökte att hålla takten med den nyare litteraturen i världen.

Arnold Ravel har översatt över 40 böcker av olika svenska författare. Hans yngre kolleger har sedan sjuttitalet försökt komplettera hans arbete. Det skulle gå för långt att räkna upp alla översättningar från svenska, men man bör nämna att Selma Lagerlöfs "Jerusalem" översattes till estniska första gången år 1902, dvs. ett år efter att den kom ut i Sverige (den andra gången 1936). Tempot har tyvärr sjunkit med tiden, men dock kan den estniska läsaren nuförtiden bekanta sig med moderna författare som P.C. Jersild, P.O. Enquist, P.G. Evander, Sven Delblanc, Jonas Gardell m.m.

Den förste isländska författaren på estniska var Gestur Pálsson (1920, 1930) vars följeslagare var de folkära berättarna Gunnar Gunnarsson och Kristmann Gudmundsson. Översättningen av den nyare isländska litteraturen (samt den norska och danska) är huvudsakligen förknippad med Arvo Alas' namn. Så finns det på estniska Grettir Asmundarson's saga, berättelser av Vesteinn Lúdviksson, Jón Óskar, Jón Helgason, Svava Jakobsdóttir, Njardur Njarðvík osv., men även klassiska storverk som den äldre

och den yngre Eddan (översatt av Rein Sepp).

Liknande antologier som *Dansk novell* har utkommit också från den svenska (1966), norska (1976) och isländska (1979) litteraturen, var och en innehållande ett trettioåttal författare från vårt århundrade och omfattande nära 400 sidor.

Nu när vi återkommit eller börjat återkomma till den europeiska gemenskapen, står vi litet ledsna framför situationen, där man undrande ser på oss och frågar: hej, var var ni hela tiden? Har ni överhuvudtaget tänkt? skrivit? utgivit någonting därborta bakom det mörka förhänget? Och vi måste litet förbittrat svara: ja, vi har läst, skrivit, tänkt och utgivit en hel del, samtidigt som folken på andra sidan allra helst ville glömma att vi fanns med en gång i tiden.

Anu Saluäär

(Artikkelen er litt forkorta. Red.)

STAVANGER SYMFONIORKESTER

var på turné i Baltikum og heldt opningskonsert i Tallinn 27. mai. Dette var ein viktig norsk kulturmanifestasjon som både det estiske vertskapet og ambassadør Brit Løvseth håpte ville bli fulgt opp av mange fleire.

TV-PRESENTASJON AV NOREG

Estisk fjernsyn begynte 17. september å visa ein serie på åtte program som presenterer ulike sider ved Noreg. Først ut var ein halvtime om fjellskogen. Det norske utanriksdepartementet har kjøpt inn serien som samla gir eit variert og interessant bilete av landet vårt.

UTSTILLINGAR

Under titelen "Mann" stilte Ingrid Egeberg ut 22 teikningar i Tallinn månadsskiftet mai-juni. Utstillinga hadde før det vore vist i Åbo i Finland og gjekk også tilbake til Finland etter avstikkaren i Estland.

Den norske kunstmålaren Odd Tandberg stiller ut i galleri Vaal i Tallinn 20.10.-7.11.

Grafikktriennalen i Tallinn har lenge vore ei viktig hending i baltisk kunstliv. I år blir han arrangert for niande gong, og i den

nye politiske situasjonen er han no open for kunstnarar også frå andre stader enn Baltikum. Grafikken er å finna 23.9.-19.10. i Kunsthallen, og galleria Luum, Vaal og Draakon.

NY TEATERSESONG

Tidlegare spela teatra for fulle hus. No har folk så mykje anna å underhalda seg med. Og endå meir avgjerande er det at billettprisen har stege så folk ikkje ser seg råd til å gå i teater, blir det hevda.

Somme har råd likevel. Då nasjonalteatret som den første innførte sesongbillett som er gyldig til alle premierane, vart den utseld første dagen, endå om prisen var 900 kroner - nesten det doble av ei gjennomsnittleg månadslønn. Men så reklamerer teatret med 22 premierar!! Stort sett er det gamle klassikarar, f.eks. Ludvig Holberg: Erasmus Montanus og Sofokles: Ødipus.

Den gjennomsnittlege månadslønnen for dei 40 skodespelarane på nasjonalteatret er 300 kroner. Det ligg så vidt over minimumslønna.

Hovudkjelde: *Helsingin Sanomat* 19.9.92

KALEVIPOEG

Dr. Fr.R. Kreutzwaldi Memoriaalmuseum ønsker å få trykt faksimile av nasjonaleposet *Kalevipoeg*, første utgave utgitt i Kuopio i Finland i 1862. Tidligere har *Kalevipoeg* kommet som tidsskriftartikler med estisk og tysk oversettelse i åra 1857-61, så utgaven fra 1862 er den første rent estiske, og den er meget sjelden. Mange som besøker Kreutzwald-museet ville vært interessert i denne utgaven. Kulturlaget har fått en henvendelse om å undersøke muligheter for trykking i Norge og forhandlinger er i gang med Tromsø Museum som faktisk eier et godt bevart eksemplar. Sam vanlig er finansieringen problemet.

Siste gang *Kalevipoeg* ble utgitt i Estland, var i 1977, og denne utgaven laget forlaget "Roto" i Tallinn en offset-utgave av i 1992.

Per Martin Tvengsberg

BOK OM MOTSTANDSRØRSLA

Det vesle forlaget "The Compass Press" i Washington, USA, gir ut ei bok av den estiske historikaren og politikaren Mart Laar

om motstandsrørsla i Estland under okkupasjonen, dei såkalla "skogsbrøme". Tittelen på engelsk er: *War in the Woods. Estonia's Struggle for Survival 1944-1956*. Professor Tõnu Parming har skrive forord. Norske forlag har fått tilbod om den same boka; førebels utan resultat.

POSTIMEES

er med drygt 85.000 abonnentar blitt den største avisa i Estland vart det stolt forkynt i sommar. På framsida står det ikkje lenger Tartus dagsavis, men Estlands! Samtidig hadde den hittil største, regjeringsorganet "Rahva Hääli", gått tilbake til under 60.000. På tredjeplass var "Päevaleht" med godt 27.000.

IBSEN-FESTIVALEN

i Oslo hadde mange spennande førestellingar. Dette fekk den estiske teaterkritikaren Lili Tamm følgja med i dagane 9.-13. september. Besøket hennar kom i stand som eit samarbeid mellom Nationaltheateret og utanriksdepartementet.

ESTO 92

Esto er namnet på samkomer av eksilestarar frå heile verda. Det begynte i Toronto 1972, så arrangementet i New York 4.-11 juli i år var det sjette, samtidig som 20-årsjubileet skunne markerast. Det samla 4-5.000 deltakarar, men nesten ingen frå Estland. Eit flyselskap som hadde lova gratis transport, gjekk konkurs.

NATURFREDING I ESTLAND

er emnet for ein interessant artikkel av Ivar Hernes i tidsskriftet "Naturen" nr. 3, 1992. Medan fjernsyn og andre media har fokusert på den enorme miljøureininga og øydelegginga av naturen i Aust-Europa, fokuserer artikkelforfattaren på mange gleden naturverniltak. Ei gammal vindmølle frå Saaremaa (Ösel) pryder framsida av tidsskriftet.

IDRETT

Alle dei baltiske landa var med i olympiaden i Barcelona, Estland med 35 deltakarar. Estisk flaggberar var Heino Lipp, i førti- og femtiåra ein av dei fremste tikjemparane i verda. Sovjet gav han aldri lov til å tevla i

Vesten.

Syklisten Erika Salumäe tok gull lik-som for fire år sidan i Seoul. Tvillingparet Toomas og Tõnu Tõniste, også dei medaljevinnarar frå Seoul, kom på bronse-plass i sigling. Også fleire andre estarar plas-serte seg mellom dei seks beste i øvingane sine.

For innsatsen har staten sidan lønna Erika Salumäe med 100.000 kroner (i norske peng-ar 50.000), brørne Tõniste fekk 30.000 skattefrie kroner kvar.

Tallinna Maraton vart arrangert 4. juli med berre halvparten så mange deltakarar som i fjor. Innføringa av eigen valuta og visum-tvang for deltakarar frå det tidlegare Sovjet var nokre av årsakene. **Torodd Lybeck** frå Valdres vart nr. 40 "utan å satse det heilt maksimale", som han uttrykkjer det. Best tid fekk estaren Kaubo Sabre; vinnaren av kvin-neklassa var Galina Bernat frå Tallinn. Lybeck var gjest hos arrangements-sjef Rein Rospel som no er invitert saman med estiske sprekingar til det norske Fjellmaraton neste år.

MINSTELØNNA

Frå 1. oktober går minstelønna opp til 300 kroner månaden. Når skatten er fratrekt, blir det igjen 260, det er likt med alderstrygda. Til samanlikning kostar trikkebilletten i Tallinn 30 sent, ein liter mjølk 2,35-2,50 kroner, eit brød 0,80-1,35. Prisane varierer frå butikk til butikk, for brød spelar også storleiken ei rolle. Husleiga for ein toroms leilighet på om lag 35 kvadratmeter er i Tallinn 127 kroner. Til dette kjem ca. 10 kroner til straum og eventuelt 6,40 til telefon for dei som har det. Straumgiftene er venta å gå kraftig opp med det første.

TELEFONKATALOG

Ein telefonkatalog som omfattar alle regi-strerte firma i heile Estland og dessutan for-valtning og offentlege institusjonar som sku-lar, teater bibliotek osv. (til saman 42.000), blir trykt i Finland og lansert i desember i år. Katalogen skal også innehålda mobilelefon-nummer, faksnummer og adresser. Ein kart-del skal innehalda kart over dei 15 største byane. Nærare opplysningar kan ein få hos redaktøren av Kulturnytt.

TELEFONNUMMER

Den internasjonale organisasjonen for tele-kommunikasjon har avgjort at dei baltiske landa skal få nye nummer (tilsvarar 47 som betyr Noreg). Det let seg gjera etter at saman-slåinga av Tyskland frigjorde nummeret 37 som Aust-Tyskland hadde hatt. For Estland er det reservert 372, for Latvia 371, og for Litauen 370. Kulturnytt har ikkje fått opplyst kva tid dei nye nummera blir tekne i bruk. Melding om det kjem seinare.

NOREGS LANDBRUKS-HØGSKOLE

på Ås har i mai i år inngått samarbeidsavtalar med tilsvarande læreanstalter i dei tre baltiske landa. Tre representantar frå landbrukshøg-skulen i Tartu var då med på eit seminar i Noreg: leiaren for utanlandsseksjonen, **Too-mas Tael** og professorane **Koit Alekand** og **Ruuno Jürjenson**.

Forskaren **Evi Hiob** arbeider no som konsulent og prosjektsekretær. Ho reiser saman med ein norsk delegasjon til Baltikum 23. september. I spissen for sendelaget er rektor **Nils Kolstad**. Dei andre er vise-direktør **Øystein Berg**, styreformann i Øst-Europa-utvalget **Jakob Apeland** frå Ås, og professorane **Gudmund Holstad** og **Arne Freslie** frå Veterinærhøgskolen i Oslo.

Utanom Tartu går den ti dagar lange turen til Jelgava i Latvia og Kaunas i Litauen.

DET NORSKE VIDENSKAPS-AKADEMI

har inngått samarbeidsavtalar med vit-skaps-akademier i dei baltiske landa, melder general-sekretæren, professor **Leif Mæhle**. Avtalen med Estland var den siste, underskriven i mars i år. Akademia skal fremja samkvemet mellom vit-skapsfolk og -miljø i dei impliserte landa. I utvekslinga av forskarar og føreles-arar står sendarlandet for reiseutgiftene og motakarlandet står for opphaldsutgiftene. Nærare opplysningar frå Det Norske Videnskaps-akademi, Drammensveien 78, 0271 Oslo 2, tlf. 02-44 42 96.

STUDIEFINANSIERING

Estiske studentar som prøver å skaffa seg ut-danning i Noreg, har store økonomiske

problem i og med at dei fell utanfor alle ord-ningar for lån og stipend. Stortings-representant **Wenche Lyngholm** stilte 12. februar i spørjetimen følgjande spørsmål til kyrkje-, utdannings- og forskningsminis-teren:

"Regelverket i Statens lånekasse for ut-danning gir ikke mulighet for tildeling av studielån for studenter fra Øst-Europa og det tidligere Sovjet. Vil statsråden ta initiativ til å gjøre noe med dette?"

I svaret frå statsråd **Gudmund Hernes** heitte det m.a. at det vart teke sikte på å koma tilbake til spørsmålet i budsjettet for 1993. No er det like før budsjettforslaget blir fram-lagt, så me ventar i spenning.

STEINERSKOLEN I BERGEN

Ei 12.-klasse og to lærarar frå Steinerskolen i Bergen var på Estlands-tur i juni og besøkte m.a. Steinerbarnehagen og -skolen i Rak-vere. Dei hadde med seg skulemateriell, matvarer, og pengar til byggearbeidet, fortel **Esther Gielge**. Nokre dagar seinare vart ho kontakta av den eine læraren som ville koma tilbake på dugnadsarbeid saman med nokre elevar og vaksne.

Dugnadsfolket talde tolv personar. Dei kom til Rakvere på "seminar" med Jotun utemaling og anna utstyr. Så måla dei dag og natt. **Anne Nögu**, sjefen i Rakvere, vart mektig imponert av norsk arbeidstakt. I år var det barnehagen, neste år blir det skulen som får ein omgang, dvs. eit strøk eller to.

Gjengen oppførde seg som eksem-plariske framandarbeidarar frå eit u-land. Dei arbeidde for maten, og i Tallinn var alle tolv innlosjerte i ein eittroms leilegheit - så spar-de dei omkostningane til losji. Slike folk unner me Estland!

KURS I ESTISK

Då leiaren for Kulturlaget hausten 1991 bad **Ivar Otto Iversen** på Ski finna ut om det kunne la seg gjera å få til eit kurs i estisk i Noreg, var det ingen som kunne ana den voldsomme utviklinga. Iversen danna ei ar-beidsgruppe med **Tiiu Vilu**, **Evi Hiob** og **Turid Farbrege**, og det første kurset kom i gang i januar 1992 i regi av Folkeuniversitetet på Ski og med **Tiiu Vilu** som lærar.

Tilstrøyminga og suksessen var så stor at det måtte ordnast to grupper og fordi elevane

nektet å slutta, måtte det arrangerast kurs for vidarekomne utpå våren.

Som ei oppfølging av kurset på Ski hadde deltakarane ein ekskursjon til Estland der dei praktiserte språket i den rette omgivi-naden.

No slår **Tiiu Vilu** til igjen. Ho har sendt redaksjonen opplysningar om tre kurs på Ski, fire i Oslo og eitt i Bærum. Interesserte kan venda seg til Friundervisningen i Ski, tlf. 09 - 87 34 57, Friundervisningen i Oslo, tlf. 02 - 42 44 90 eller til Bærum kommunale kveldsskole, tlf. 02 - 47 41 10.

STIPEND PÅ DET NORDISKE BALTIKUM-PROGRAMMET

Neste søknadsfrist er 1. oktober 1992. Til søknadsfristen 1.3.92 kom det inn 50 søk-nader frå estarar som ville til Noreg. Følgjande fekk tildelt stipend:

Indrek Pajumaa 6 mnd, Inst. for sosiologi, Univ. i Tr.heim.

Formål: Komparative arbeidslivsgrans-kingar; inngår som ein del av liknande granskingar for ei rad europeiske land. Det blir samtidig samla materiale til ei estisk sosiologisk ordbok.

Piret Viies 3 mnd, Nordisk inst., Univ. i Bergen.

Formål: Samanliknande litteraturvitskap. Studera tilhøvet mellom norsk og estisk litteratur, særleg i 1920-åra då påverkna-den frå norske forf. skal ha hatt mykje å seia.

Sigrd Kangur 6 mnd, Nordisk inst., Univ. i Bergen.

Formål: Fordjupa seg i norsk språk (særleg nynorsk) og litteratur. Arbeida med omsetjing til estisk av Tarjei Vesaas: *Fuglane*.

Mart Siimer 6 mnd, Noregs musikk-høgskule, Oslo.

Formål: Studera moderne norsk korsong; følgja førelesingar i komposisjon og instrumentalisering.

Ainiki Väljataga 4 mnd, Hist. inst., Univ. i Bergen.

Formål: Studera framveksten av den norske kvinnerørsla i 1880-åra og til-høvet til dei radikale politiske rørsle-ne sett i høve til den estiske kvinnerørsla /nasjonalistrørsla.

Toomas Niit 6 mnd, Inst. for sosiologi, Univ. i Oslo.

Formål: Studera tilhøve i samband med urbane og regionale busetjingsforhold og levevilkår.

Katrin Padam 1_ mnd, Inst. for sosiologi, Univ. i Tr.heim

Formål: Studera familiesosiologi, særleg med omsyn til oppveksttilhøva for barn i bymiljø.

Urmars Oja 2 veker, Norsk samf.vitskapleg datateneste, Bergen.

Formål: Studera databasert undervisningsmateriale og utvikla det med tanke på bruk ved univ. i Estland.

Dessutan fekk nordmannen **Trond Trøsterud** stipend for å halda eit kurs i norsk i Tallinn for personar involverte i nordisk-baltisk samarbeid. Han skal også orientera om norsk høgare utdanning og forskning. Kurset begynte 21. august. Den praktiske tilrettelegginga er ved Estisk Institutt, og undervisningslokale er stilt til disposisjon av Nordisk ministerråds informasjonskontor, Tolli tånav 3.

ADRESSELISTA

Telefon- og faksnummer til Estland byrjar framleis med 095-7-014-. (Til Latvia 095-7-013- og til Litauen 095-7-012-). Til dette kjem så innanlands retningsnummer (eks. Tallinn 2, Tartu 34, Haapsalu 47, Kuressaare 45, Narva 35, Paide 38, Pärnu 44, Rakvere 32, Rapla 48, Viljandi 43, Võru 41, osv.)

Alle estiske postnummer har fire siffer. Når ein sender post frå utlandet, skal dessutan bokstavane EE førast på framfor postnummeret. Dersom du har notert eit postnummer med seks tal, f.eks. 202400 Tartu, betyr det at du har gammalt nummer, og du kan stryka dei to første av desse tala slik at du står att med EE 2400 Tartu.

Kulturlaget tek ikkje ansvar for eventuelle feil eller endringar.

ADRESSER I ESTLAND:

Kgl. Norske Ambassade
Pärnu mnt 8
EE 0001 Tallinn

Ambassadør: Brit Løvseth
Ambassadesekr.: Svein Tobiassen
Tlf. 44 16 80, 44 80 14

Nordisk ministerråds informasjonskontor
(Põhjamaade ministritenõukogu infobüroo)
Tolli tånav 3, EE 0001 Tallinn

Tlf.: 60 12 38, mobiltlf. 949 354 124
Faks: 44 11 13, NMT +358-49-207 350
Leiar: Leo Salonen, sekr.: Eha Vain

Eesti Instituut
Postkast 3496 Sakala 3, EE 0001 Tallinn

Tlf.: 44 35 55, faks 69 18 77
Leiar: Kaja Tael

STIPEND TIL DEN INTER-NASJONALE SOMMARSKOLEN I OSLO

I tillegg til dei åtte som var nemnde i førre nummer av Kulturnytt, fekk også **Anne Timmermann** eit seks vekers stipend for å gå på sommarkurs ved Universitetet i Oslo. Ho arbeider ved Noregs ambassade i Tallinn og har sjølvsagt bruk for å kunna det språket som ho er i dagleg kontakt med.

Sirje Trei som stod på lista i førre nummer, trekte seg, og i staden var **Tiina Soonike** på sommarkurs i Oslo.

MELDING FRA KASSEREREN:

Som ny kasserer i Norsk-estisk kulturlag beklager jeg at noen av medlemmene fikk oppfordring til å betale medlemskontingent, selv om den allerede var betalt. Grunnen til at dette kunne skje, var at jeg var ukjent med noen av lagets rutiner. Jeg beklager på det dypeste og håper på et fortsatt godt samarbeid.

Hans Peeter Solheim

Esti-Norra Selts Leiar: Jaak Kangilaski, sekr: Eha Vain
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Tartu Norra Selts Leiar: Karl Lepa
Universitas Tartuensise toimetuse tlf. 35 180, 35 242
Ülikooli 18
EE 2400 Tartu

Põhjale-ühing (Foreininga Norden) Leiar: Sven Lindström, sekr. Merle Erm.
adr. og tlf. som for Nordisk ministerråds inf.ktr.

Eesti Saami Ühendus Leiar: Mikk Sarv
Lõuna 5 - 20 Tlf. (095-7-014-48-) 55 769
EE 3500 Rapla

ANDRE ADRESSER:

Norsk-estisk studiehjelp postgiro 0824-0295629
Postboks 91 Ljan
1113 Oslo

Estlandsforeninga i Rogaland
v/ Willy Jensen Tlf.: 04 - 57 57 55
Gauselvågen 52, 4032 Gausel

Baltikumkomiteen Leiar: Triinu Wiiburg
v/ Studentutvalget AVH Tlf. og faks: 07 - 59 67 42
Universitetet i Trondheim Kontortid onsd og torsd kl 13 - 14
7055 Dragvoll

Foreininga Norden Tlf.: 02 - 50 69 00
Harbitzalléen 24 Faks: 02 - 73 17 63
0275 Oslo Generalsekr. Harald Løvaas

Tuglas-seura Tlf.: (095-358-0-) 66 96 17
Mariégatan 8 B Faks: (095-358-0-) 66 96 15
SF - 00170 Helsingfors Leiar: Eva Lille

Estlands Ambassade Ambassadør: Arvo-Jürgen Alas
H.C. Andersens Boulevard 38 Tlf.: (095-45-33) 933462
DK - 1553 København V Faks: (095-45-33) 91 30 99

Estlands konsulat Honorær konsul: Arve Røys Stranden
St. Olavsgate 27 Tlf.: 02 - 11 21 48
0166 Oslo Tlf. konsulen privat: 02 - 12 48 82

Estlands Ambassade Ambassadør: Margus Laidre
Storgatan 38 Tlf. (095-46-8-) 665 65 50
S - 11 455 Stockholm Faks (095-46-8-) 662 99 80

Baltiska Institutet Leiar: Ivo Ilste
Virebergsvägen 18 Tlf. (095-46-8-) 730 0706 el. 730 0708
S - 171 40 Solna Faks (095-46-8-) 730 0709

ABONNEMENT

Ein kan teikna abonnement på Norsk-estisk kulturnytt ved å senda inn kr 100 til Norsk-estisk kulturlag, postgirokonto 0823 0985414. Samtidig blir ein medlem i laget. Tidsskriftet kjem ut 4-5 gonger for året.

ANNONSAR

Opplagstalet for Norsk-estisk kulturnytt ligg på 1000-1200, og tidsskriftet blir spreidd til Estlands-interesserte i heile Noreg. På den måten er det ein effektiv kanal for den som vil marknadsføra varer og tenester med tilknytning til Estland. Annonсар kan bestillast hos redaktøren.

KORREKTURLESAR

Det var stor interesse for den ledige stillinga som korrekturlesar i Norsk-estisk kulturnytt. Etter grundig gransking av kvalifikasjonar tilsette redaksjonen **Gro Eikenes**. Me ønskjer henne hjarteleg til lykke med utnemninga og ser fram til eit inspirerende samarbeid. På grunn av produksjonsmetodane kjem ikkje Gro til å korrekturlesa alt stoffet, så det kan nok finnast ein og annan trykkfeil heretter også. Dei får redaktøren ta ansvaret for.

REDAKSJONEN

takkar alle som har sendt materiale - både i ord og bilete. Utan oppslutning frå lesarane ville det vore uråd å gi ut eit så godt tidsskrift. Av plassomsyn tek me oss rett til å forkorta innlegg. Dersom ein oppgir kjelde, kan ein fritt kopiera frå Kulturnytt.

NORSK-ESTISK KULTURLAG

Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Tlf. 02 - 50 69 00, faks 02 - 73 17 63.

Postgiro 0823 0985414.

Adresser til styret (valde på årsmøtet 30. mars 1992):

Leiar:	Asbjørn Sætre Halvorsen Kolsåsstien 6, 1352 Kolsås	tlf. 02 - 13 31 90
Nestleiar:	Per Martin Tvengsberg Østre Disen, 2300 Hamar	tlf. 065 - 23 468
Skrivar:	Turid Farbregd Granvägen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors, FINLAND	tlf. +358-0- 477 1 488 / 191 25 02 faks +358-0- 191 25 06
Kasserar:	Hans Peter Solheim 2256 Grue Finnskog	tlf. 066 - 45 558
Styremedlem:	Enel Melberg President Harbitzgt 19, 0259 Oslo	tlf. 02 - 44 48 98
Varamedlem:	Finn Kilde Evensen Boks 194, 2301 Hamar	tlf. 065 - 32 500
Varamedlem:	Lars Hoff Jens Bjelkesgt 62 A, 0652 Oslo	tlf. 02 - 57 08 61

Trykt hos Grenland Reklame AS Skien